



HLB
HØGSKULEN FOR
LANDBRUK OG
BYGDEUTVIKLING

Med gründerblikk på bygderessursar

Høgskulestudentar skriv om nyskaping og entreprenørar
i bygdemiljø



Høgskulen for landbruk og
bygdeutvikling

og

Høgskulen i Lillehammer

HLB Rapport Nr. 3 - 2012

Elektronisk utgåve
ISBN 978-82-93079-06-4



© Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling og Høgskulen i Lillehammer 2012
HLB Rapport nr. 3 - Elektronisk publikasjon
ISBN 978-82-93079-06-4
Pris: Fri nedlasting

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling
Postvegen 213
4353 Klepp stasjon
Tlf: 51 79 94 00
Epost: post@hlb.no
Nett: www.hlb.no

FØREORD

Denne publikasjonen presenterer ni studentarbeid rundt tematikken nyskaping i bygdemiljø.

Artiklane er produserte gjennom deltaking i prosjektet ”Med gründerblikk på bygderessursar”, eit samarbeid mellom Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB) og Høgskulen i Lillehammer (HiL) under KrD/Innovasjon Noreg sin plattform ”Ung Gründer”. Prosjektet har vart frå 2010 – 2012. Innleiingsartikkelen i rapporten presenterer programmet, pedagogikken og erfaringane.

HLB og HiL vil med dette takka alle bidragsytarar til samlingane i programmet, og KrD/Innovasjon Noreg for økonomisk støtte. Ei spesiell takk til alle deltakande studentar: saman har me både utvikla ny entreprenørskapspedagogikk og sett fokus på innovasjon og utviklingsarbeid i bygde-Noreg.

Me håpar at denne publikasjonen vil inspirera til vidare arbeid med nyskaping av bygdene våre i pakt med notida og framtida sine prioriteringar og behov. Studentane som medverkar har mange gode innspel i så måte.

Jæren/Lillehammer, oktober 2012

Dag Jørund Lønning, HLB (prosjektleder)

Hans Holmengen, HiL (lokal prosjektleder)

Forsidebileta viser den automatiske smalahovesviemaskinen me fekk studera på Løno på Voss.

Innhald

Føreord	3
1 Innleiing: Om program og rapport.....	9
1.1 Tematikk	9
1.2 Læringsverktøy	10
1.2.1 Oversyn over felles samlingar.....	11
1.3 Deltakarar.....	11
1.4 Organisering av prosjektet	12
1.5 Studentevaluering.....	12
1.6 Studentartiklane	14
2 <i>Hanne Kari Wedøe Bakke, Åse Ingebjørg Flateland, Gunhild Lovise Maudal og Kristin Skrettingland-Haarr, HLB:</i>	
Nyskaparen og ressursgrunnlaget. Om å få auga på ressursane rundt seg	15
2.1 Nyskaping	15
2.1.1 Kvi for nyskaping?.....	15
2.2 Det å ta i bruk nye ressursar	16
2.2.1 Metodar for ressursidentifisering	16
2.2.2 Fellesgode og private gode	17
2.3 Tidsendingar som gjev rom for nyskaping i bygdesamfunn.....	19
2.3.1 "Draumesamfunnet"	19
2.3.2 Opplevingsøkonomi og innlevingsøkonomi	20
2.4 Men det trengst og meistringstru for å lukkast!	21
Eiga meistring.	22
Andre si meistring.....	22
Verbal tilbakemelding.....	22
Positiv innstilling	22
2.5 Møte med fire nyskaparar	23
2.5.1 Anne Lise Tyssebotn Gjesdal	23
2.5.2 Ragnhild Bjåen	24
2.5.3 Erna Urdal.....	26
2.5.4 Torill Undheim	28
2.6 Nyskaping og ressursidentifikasjon	29
2.6.1 Lidenskap og interesse.....	29
2.6.2 Begeistring for naturen	29
2.6.3 Tradisjon og historie	30
2.6.4 Meistringstru og kundeorientering.....	30
2.7 Konklusjon.....	31

2.8	Kjelder	31
3	<i>Vivi-Ann Sandnes Eggum, Lisbeth Rustad og Julia Hamre, HiL:</i>	
	Er det forskjeller på hvordan Ung gründer-studenter og andre studenter oppfatter kreativitet?.....	32
3.1	Innledning	32
3.2	Problemstillingen	33
3.3	Oppbygging av artikkelen.....	34
3.4	Teori.....	34
3.5	Hypoteser	36
3.6	Oppvekst og miljø.....	37
3.7	Motivasjon	39
3.8	Metode	39
3.8.1	Metodekritikk	41
3.9	Analyse av spørreundersøkelsen.....	42
3.10	Drøftinger av resultatene.....	43
3.10.1	Kreativitet og kunnskap	43
3.10.2	Oppvekst og miljø	44
3.10.3	Motivasjon	44
3.10.4	Egen kreativitet	46
3.11	Konklusjon.....	46
3.12	Referanser	47
4	<i>Geirmund Øglend, Caroline Michaelsen og Ole Topnes, HLB:</i>	
	Landbruk - næring i evig endring.....	48
4.1	Innleiing	48
4.1.1	Landbruk og ressursutnytting	48
4.2	Landbruk gjennom seks tiår.....	49
4.2.1	1960: Mykje manuelt arbeid	49
4.2.2	1970: Maskinane har overteke	50
4.2.3	1980: Maskinane vert større	51
4.2.4	1990: Nye haustemetodar	52
4.2.5	2000: Rundballen tek over	52
4.2.6	2010: Mangfald	53
4.3	Landbruk er avhengig av kreativitet	56
5	<i>Tone Læg Reid og Oda D. Bakken, HiL:</i>	
	Hvorfor har Rudi Gard blitt den suksessen den er?.....	58
5.1	Teorigrunnlag.....	59
5.1.1	Sweetspot	59
5.2	Opplevelsespyramiden	60
5.3	De 6 elementene.....	61
5.4	Diskusjon	63

5.5	Konklusjon	65
5.6	Referanser	65
6	<i>Torill Dysjaland, Aud Jane Håland, Gunhild Lovise Maudal og Kristin Skrettingland-Haarr, HLB:</i>	
	Vesle Store Voss. Kva er løyndomen bak Vossabygdo?.....	66
6.1	Innleiing	66
6.2	Voss - bygd for sterke opplevingar	66
6.3	Vossanaturen	66
6.4	Vossakulturen.....	67
6.5	Endringar i tida.....	68
6.5.1	Draumesamfunnet	68
6.5.2	Opplevingsøkonomi og innlevingsøkonomi	69
6.6	Tilbydaren og bygda	70
6.6.1	Meistringstru	70
6.7	Fellesskaping.....	71
6.8	Kulturøkonomi	72
6.9	Voss og andre bygder.....	73
6.10	Unike Voss	73
6.10.1	Spela kvarandre gode	74
6.10.2	Eldsjarlar	74
6.10.3	Sjølvtilitt på Voss.....	75
6.10.4	Natur som appellerar til hjarta	75
6.10.5	Voss som merkevarer	76
6.10.6	Voss som knutepunkt i trafikken	76
6.11	Konklusjon - eit samansett bilete	77
6.12	Referansar:	77
7	<i>Oda D. Bakken, Caroline Løvlien, Mari Clementine Østgaard og Tone Læg Reid, HiL:</i>	
	Voss, bygd av vossingar.	79
7.1	Innledning: Voss	79
7.2	Metodisk tilnærming	79
7.3	Teorigrunnlag.....	80
7.3.1	Dugnadsånd/Samhold	80
7.4	Image og Organisering	81
7.5	Konkurransen	82
7.6	Resultat.....	82
7.7	Omgivelser og tilrettelegging.....	83
7.8	Konkurranseninstinkt	84
7.9	Dugnadsånd og miljø	84
7.10	Markedsføring og organisering	85

7.11	Konklusjon/Drøftinger	86
7.12	Referanser	88
8	<i>Haldor Ulvund Solstad og Henrik Askeland Andersen, HiL:</i>	
	Hvorfor er Lars Bystøl olympisk mester?	89
8.1	Om Lars Bystøl	89
8.2	Idrettsglede	90
8.3	Gode forbilder og god støtte	90
8.4	Konkurransse	91
8.5	Ildsjeler og dugnadsånd	92
8.6	Hvorfor er det så mange olympiske mestere på Voss?	92
8.7	Konklusjon	93
8.8	Referanser	93
9	<i>Ellen Marie Harbo, Ove Undheim, Sveinung Hobberstad, Erna Urdal, Caroline Michaelsen, Ingebjørg Gudmestad Wold, Eli Rypestøl Nygård, Torger Frøyland, May Brit Auestad og Oddgeir Sunde, HLB:</i>	
	Etablering av kompetansebedrifter i Bygde-Norge. eksempler fra Rogaland og Sogn og Fjordane	95
9.1	Innledning	95
9.2	Problemstillinger	95
9.3	Empirisk grunnlag	96
9.4	Hva vet vi i dag om fordeler og ulemper med å etablere kompetansebedrifter i bygdene?	96
9.5	Ulike døme på kompetansebedrifter i bygde-Noreg	97
9.5.1	Omega AS i Vindafjord kommune	97
9.5.2	Kon-Sul AS i Suldal kommune	99
9.5.3	Ewos Innovation i Gjesdal kommune	101
9.5.4	Aurland Naturverkstad i Aurland kommune	103
9.6	Skjematisk samanstilling av funn	104
9.7	Hvorfor etablere en kunnskapsbedrift i et bygdemiljø?	105
9.7.1	Å kunne bruke egen kunnskap der en ønsker å bo	105
9.7.2	Når forholdene ligg til rette	105
9.7.3	Det viktige i å etablere et kompetansmiljø	105
9.8	Noen konkrete råd for å lykkes	106
9.9	Kommunal og regional ressurstilgang	107
9.10	Kilder:	109
10	<i>Merete Haugland, HLB:</i>	
	Nyskapende forretningsutvikling: fra produsenter og konsumenter til prosumenter	111
10.1	The IOU Project: produktutvikling som utviklingsprosess	111
10.1.1	Stadiene i en forandringsprosess	113

10.2	Prosumenten.....	114
10.3	Ressurser og sfærer	115
10.4	Innovasjonsallmenning og innlevelsesøkonomi.....	116
10.4.1	Samskaping i nettverk.....	118
10.5	”Living the brand”.....	121
10.6	Referanser	122

1 INNLEIING: OM PROGRAM OG RAPPORT

Høgskuleprogrammet ”Med gründerblikk på bygderessursar” har vore eit samarbeid mellom Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB) og Høgskulen i Lillehammer (HiL). Gjennom dette programmet har høgskulestudentar med interesse og engasjement for verdiskaping i bygde-Noreg fått høve til å koma tett på nyskaparar og bygdeutviklarar. Nokre av resultatane av desse møta blir presenterte i denne rapporten.

Prosjektet er del av Innovasjon Noreg og Kommunal- og Regionaldepartementet sitt program ”Ung Gründer”, der høgskular i heile landet deltek med ulike tilnærmingar til korleis entreprenørskap kan integrerast i høgare utdanning. HLB og HiL sitt samarbeid har likevel vore det einaste som har fokusert spesielt på bygderessursar.

”Med gründerblikk på bygderessursar” har vore eit gründerretta læringsprogram med hovudmålsetjing å stimulera til nye og utviklingsretta blikk og perspektiv på bygderessursane. Programmet har søkt å stimulera oppdagings- og skaparlyst, kreativitet, og gje innføring i konkrete entreprenør- og produktutviklingsprosessar.

1.1 *Tematikk*

Gjennom eit breitt sett av verktøy har programmet gitt studentane brei prosess- og utviklingsorientert kompetanse innanfor følgjande tema:

- Nye tilnærmingar til matproduksjon der vekt ligg på auka foredlingsgrad og tilføring av tilleggsverdiar gjennom produksjonsprosessen.
- Nye natur- og kulturbaserte bygdenæringar innanfor t.d. reiseliv, oppleving og formidling.
- Utvikling av kunnskapsbedrifter på bygda.
- Stad- og nettverksbasert entreprenørskap der ei rekke nærings- og utviklingsaktørar er med i ny- og/eller vidareutvikling av stadleg omdømme og næringssetting.

I tillegg har me fokusert på to horisontale tema som er nærare knytt til sjølve entreprenørskapsprosessen:

- Blikket for det nye. Idéutvikling, skaparglede og identifikasjon av ressursar i eigne omgivnader.

- Forretnings- og bedriftsutvikling. Entreprenørskapsprosessen. Verdikjeder. Utvikling av forretningsplanar.

1.2 Læringsverktøy

Fire ulike men likevel overlappende tilnærmingar til læring er definerte i prosjektet. Desse er:

1. Aktiv førebuing gjennom integrering av entreprenørskapsteori og stimulering av skaparglede i ordinær undervisning og heimearbeid mellom skule- og prosjektsamlingar. Studentane får presentert oppgåver og tema for komande feltarbeid og samlingar, og skal førebu spørsmål og undersøkingsopplegg. Dei studentar som deltek på feltarbeid og felles prosjektsamlingar, skal og kommunisera resultat og erfaringar tilbake til medstudentar.
2. Feltarbeid der studentane får høve til å møte viktige bedrifter og aktørar innanfor kvart av prosjektet sine hovudtema. Studentane skal inn i bedriftene og få eit innblikk i idéutvikling, organisering, produktutvikling, foredling, distribusjon og marknadsføring, etc. Studentane skal vera førebudde med spørsmål til feltarbeidet, og skal og ta med seg spørsmål og erfaringar til dei felles prosjektsamlingane.
3. Felles samlingar om kvar av prosjektet sine hovudtema. Her vil både studentar og fagdeltakarar frå høgskulane få høve til å drøfta utfordringar, kunnskapsbehov og læremodellar direkte med næringslivsaktørar. Desse samlingane skal også brukast som ein arena for kompetanseoverføring mellom bedrifter og utviklingsaktørar i dei regionane der studentane har vore på feltarbeid. Samlingane skal leggjast til geografiske område der tematikken for samlinga er særleg relevant.
4. Studentane skal involverast direkte i arbeidet med rapportering frå kvart tema. Det skal produserast 1 – 2 paper i etterkvant av kvar samling. Studentane vil få tett oppfølging og rettleiing i dette arbeidet. Paper byggjer på teori frå studia, seminar, og empiri frå feltarbeid. Desse publikasjonane skal presenterast i sluttrapport frå prosjektet.

Tilbakemeldingar frå studentane viser at ein har sett særleg pris på samlingsforma, og ikkje minst at samlingar i prosjektet har blitt lagde ute i bygdene i miljø og på stader som er særleg relevante for kvart tema. Slik har ein kunna gå langt djupare ned i tematikken, og ein har og fått gode høve til å møte nyskappar og utviklingsaktørar.

1.2.1 Oversyn over felles samlingar

Følgjande fellessamlingar er gjennomførte i prosjektperioden frå oktober 2010 – oktober 2012:

Innføring i tematikken nyskaping i bygdemiljø	Jæren, 28 – 29.10.10
Ressursidentifikasjon og kreativitet	Lillehammer, 13 – 14.01.11
Landbruk og innovasjon	Jæren, 17 – 18.03.11
Opplevingsnæringane	Rudi gard, Gudbrandsdalen, 31.05 – 01.06.11
Bygdeutvikling og fellesskaping	Voss, 05 – 07.10.11
Kompetansebedrifter i bygdemiljø	Aurland, 05 – 06.01.12
Forretningsmodellering	Lillehammer, 03 – 04.05.12
Sluttkonferanse: Kva har me lært?	Egersund, 10 – 11.09.12

Under fleire av samlinga har me arrangert opne temamøte der mange representantar for både næring og utviklingsaktørar har delteke.

1.3 Deltakarar

Deltakararar har vore bachelorstudentar i bygdeutvikling ved HLB, bachelorstudentar i reiseliv/opplevingsproduksjon ved HiL og masterstudentar i innovasjon ved HiL.

Deltaking i Ung gründer – prosjekt gjev ikkje studiepoeng. Dette har vore eit spesifisert krav frå Innovasjon Noreg for å yta økonomisk støtte. Studentane som har deltatt har såleis gjort dette som eit tillegg til vanleg poenggjevande utdanning. Likevel har det vore god interesse for å delta, med 8 – 20 studentar frå kvar av høgskulane på kvar av samlingane. Det har vore spesiell interesse for tematikk knytt til stad- og bygdeutvikling og til samlinga på Voss i oktober 2011 med dette som tema.

I etterkant har fleire studentar teke til orde for at program som dette burde kunna gå innsom valfri del av bachelorløp ved dei to høgskulane. Andre deltakarar har likevel gjeve uttrykk for at nettopp det at ein ikkje gir studiepoeng gir ein langt større fridom når det gjeld pedagogikk og tilnærming.

1.4 Organisering av prosjektet

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling har leia arbeidet. Prosjektleiari har vore dr. philos. og rektor ved HLB, Dag Jørund Lønning. Høgskulelektor Hans Holmengen har vore lokal prosjektleiari ved HiL.

Styringsgruppa har hatt jamleg kontakt gjennom fysiske møte og epost. Denne har bestått av:

- Øystein Rudi. Leiari for styringsgruppa. Representerer opplevingsnæringane i bygde-Noreg. Driv opplevingsgard i Gudbrandsdalen.
- Heidi Skifjell. Representerer landbruk/bygdenæringar. Er dagleg leiari i Finnøy Næringshage.
- Dag Jørund Lønning, Rektor HLB
- Bente Ohnstad, Rektor HiL
- Anny Hagesæter, Tilsettere representant HLB.
- Håvard Teigen. Tilsettere representant HiL.
- Julia Hamre. Student HiL. Nestleiar for styringsgruppa.

Varamedlemmer:

- Eli-Grete Høyvik. Bygdegründer (verksemdene Balholm og Ciderhuset i Balestrand), og Høgskulelektor II i bygdeutvikling ved HLB.
- Hans Holmengen. Høgskulelektor, HiL.

1.5 Studentevaluering

Under sluttsamlinga i Egersund i september 2012 vart det gjennomført ei studentevaluering av Med gründerblikk på byggeressursar. Studentane vart delte inn i fire grupper i evalueringsarbeidet. Alle grupper hadde studentar frå både høgskulane. Tilbakemeldingane var i all hovudsak særst gode. Me har valt å kategorisera resultatane under ”positivt” og ”kan gjerast betre neste gong”:

Positivt:

- Lærerikt og spennande forelesarar.
- Positivt med reiser rundt i landet.
- Gode utflukter og sosialt miljø.
- Inspirasjon til å starta for seg sjølv.
- Det beste med heile studietida.
- Svært positivt og lærerikt. Me har lært masse!
- Positivt med det sosiale og det å få sjå nye stader.
- Me har fått god tid til å skriva artiklar.

- Bra at artiklar skal publiserast.
- Kjekt å få møta likesinna og menneske som har skapt noko med lokale ressursar.
- Vossesamlinga var spesielt god grunna feltarbeid og definerte oppgåver. Positivt også med meir tid.
- Relevant i forhold til det me held på med. Bra med økonomiske ressursar til å dekkja studentmobilitet.
- Mange gode og spennande forelesarar.
- Veldig bra med samarbeid mellom to høgskular. Dette har gjeve dynamikk i prosjektet.
- Spennande med ekskursjonane. Me har fått bu midt i relevante "case". Kanskje er det dette me har lært mest av i heile studietida.
- Veldig viktig å koma ut og møta nyskaparar i eige landskap. Dette gir direkte kunnskap om kva som skal til.
- Stort mangfald i prosjektet. Dette har gitt inspirasjon og læring.
- Turen til Rui gard var spesielt positivt når det gjeld læring rundt vertskapsrolle, nettverk og ressursbruk.
- Aurland viste at ein kan lukkast med å skapa arbeidsplassar for høgare utdanna også på bygda.
- Vossesamlinga var god ettersom alle hadde konkrete oppgåver. God metodelæring.
- Når ein lærer som student har ein distanse til det ein lærer om. I dette prosjektet har me kome nærare.
- Det at me har skrive oppgåver gjer at me og har fått prøva oss i praksis.
- Dette MÅ vidareførast!

Kan gjerast betre neste gong:

- Kunne vore studiepoeng for å få fleire til å forplikta seg og vera førebudde (litt delte oppfatningar her)?
- Burde vore fleire oppgåver som samarbeid mellom skulane.
- Kunne hatt meir tid til diskusjon. Kanskje Facebook-gruppe?
- Har av og til vore problematisk i forhold til obligatoriske arbeid på høgskulen.
- Burde grupper vore etablerte på førehand?
- Kanskje meir fokus på teoribruk i forhold til oppgåveskriving?
- Nokre av samlingane har hatt veldig mange forelesarar, og kanskje litt lite tid til refleksjon?
- Kanskje burde ein konsentrert seg om eit tema pr dag?
- Kanskje ein felles informasjonsarena for prosjektet?

1.6 Studentartiklane

Både studentar og tilsette ved dei to høgskulane har lært svært mykje gjennom prosjektarbeidet. Ein raud tråd handlar om det faglege, sosiale og kulturelle miljøet sin avgjerande rolle når det gjeld å stimulera til nyskaping og innovasjon. Miljøet kom opp som sentral faktor i alle tema me arbeidde med, og det kom tydeleg fram kor viktig det er å ha nokon rundt seg som ser ein og det ein held på med, som ein kan prata med og eventuelt samarbeida med fagleg og i forhold til verdiskapingsnettverk. Dette er eit tema i alle studentartiklane, men kjem særleg godt fram i dei tre artiklane som omhandlar Voss og bygdeutvikling. Artiklane i denne seksjonen prøver å svara på kvifor Voss produserer så mange medaljevinnarar i OL og VM og så mange nye bedrifter på opplevings-sida. Studentane som har arbeidd med desse spørsmåla har klart å identifisera prosessar i det sosiale og kulturelle miljøet på Voss som stimulerer til det å skapa og prestera. Dette er nyttig lesing både for bygdeutviklingsforskarar og alle som arbeider med utviklingsretta oppgåver lokalt og regionalt.

I Med gründerblikk-prosjektet er det studentane som har vore dei sentrale data-innsamlarane og forskarane. Artiklane er alle tufta på møtet mellom eit teori-grunnlag studentane har med seg frå høgskuleutdanninga og skapande menneske ute i bygdene.

I det vidare skal difor studentane sjølve få koma til orde med eigne innspel og perspektiv når det gjeld bygdeutvikling og nyskaping i bygdemiljø. Rapporten inneheld ni studentartiklar som spenner over tema som ressursidentifikasjon, kreativitet, landbruk og innovasjon, opplevingsproduksjon, stadutvikling og nye forretningsmodellar.

Det har synt seg litt for krevjande, med dei avgrensa ressursar me har hatt til rådvelde, å utvikla artiklar i samarbeid mellom høgskulane. Artiklane er difor skrivne som samarbeidsprosjekt mellom studentar på anten HLB eller HiL. Studentane har fått fagleg rettleiing av prosjektleiar ved eigen høgskule under felt- og artikkelarbeid.

2 NYSKAPAREN OG RESSURSGRUNNLAGET. OM Å FÅ AUGA PÅ RESSURSANE RUNDT SEG

Av Hanne Kari Wedøe Bakke, Åse Ingebjørg Flateland, Gunhild Lovise Maudal og Kristin Skrettingland-Haarr, HLB

Gjennom denne artikkelen vil me prøve å synleggjere kva nyskaping er, motivasjonsgrunnlaget for nyskaparen, og nyskaping som praktisk aktivitet.

Artikkelen byggjer på intervju med fire nyskaparar innanfor natur- og kulturbaserte næringar, tre i sørlege delar av Rogaland og ein i Setesdal. Me har sett etter fellestrekk og me vil syne korleis dei har definert og brukar ressursgrunnlaget sitt. Me vil leggja vekt på personlege eigenskapar og synleggjere korleis dei har teke i bruk desse og andre ressursar i eigne bedrifter. Me vil og prøve å synleggjere ulike metodar for korleis ein kan registrera og ta i bruk ulike typar natur- og kulturbaserte ressursar for å skape ei ny verksemd.

2.1 Nyskaping

Nyskaparen er aktivt med på å endre verda. Å nyskape er å kjempe mot grenser, å bryte ut av etablerte forståingsrammer, å stake ut nye vegar gjennom landskapet. Slik vert nyskaping beskrive i boka *Kva er Nyskaping?* av Dag Jørund Lønning (Lønning 2010).

Nyskaparen har tru på at der er ein marknad for sitt produkt, og han er viljug til å ta personleg, profesjonell og finansiell risiko for å finne sin veg og realisere sitt prosjekt. Han har oppdaga noko som appellerar så mykje at barrierane for å setje i gong vert brotne ned. Nyskaping handlar difor mykje om evna til å kunne sjå noko nytt der dei fleste andre berre ser det vante. Det er lett å bli ”heimablind” og oversjå muligheiter for å skapa noko nytt. Ofte kan eit menneske utanfrå, ein innflyttar eller ein som har budd utanfor bygda ein periode, lettare sjå ressursar og muligheiter for å skape (Lønning 2010).

2.1.1 Kvifor nyskaping?

Samfunnet er, og har alltid vore, i endring. Samstundes vil menneskeleg aktivitet påverka kva for retning utviklinga går. Noreg er eit velferdssamfunn, og fordi me generelt har det veldig bra, så er det ikkje eit grunnleggande behov for å skape noko nytt for at menneska skal ha det godt.

Likevel er det slik at både aktivitet og passivitet vil føre til endringar i eit samfunn. Dersom ein er aktiv, får i gong prosessar, skapar noko nytt, så vil ein kunne påverke innhald og retning på utviklinga. Dersom ein ikkje gjer noko, vil ein og oppleve endringar, men då er det andre som styrer retninga endringane tek.

I ei bygd er det ofte oversiktleg, dei fleste kjenner til kvarandre og veit kva den enkelte driv med. Såleis vert ein fort merksam på endringar i bygda, både når noko nytt skjer eller når noko vert avvikla. Dette påverkar ofte menneska, og det kan verke stimulerande for innbyggerane når bygdesamfunnet pregast av aktivitet, nysatsingar og generelt er ein attraktiv plass å kome til.

Folketalsutviklinga i mange norske bygdesamfunn i dag er negativ¹. Difor er fokus på vekst og utvikling naudsynt, og nyskaping kan då vere eit viktig verkemiddel for å skape attraktive bygdesamfunn som kjenneteiknast med trivsel, bulyst, aktivitet og engasjement.

2.2 Det å ta i bruk nye ressursar

Overalt der me snur oss finst det potensielle ressursar for natur- og kulturbasert nyskaping. Det nyskapande er å få auga på det nye i det eksisterande og å kunna omdanna og nyttiggjera seg dette i eige utviklingsprosjekt.

Det finst fysiske og ikkje-fysiske ressursar (Evans, 2006). Dei fysiske ressursane er gjenstandar og natur, som bygningar, infrastruktur, klima og biologisk mangfald. Ikkje-fysiske ressursar er kunnskap, nettverk, relasjonar og finansiell kapital. Døme på dette kan vera utdanning, arbeidserfaring, medlemskap i organisasjonar, kollegaer, vener og finanskjelder.

2.2.1 Metodar for ressursidentifisering

For å koma i gang med ei ny satsing, er det viktig å vera bevisst dei ressursane ein har tilgjengeleg og kva muligheiter ein har til å nytte desse.

2.2.1.1 Dei fem grunnleggjande kapitaluttrykka

Det er laga modellar som kan vere til hjelp i prosessen med å definera og synleggjera ressursar. Ein slik modell er ”The Five Capitals Model”. Modellen vart

¹ <http://www.ssb.no/emner/08/05/10/oa/200304/brunborg.pdf>, sist vitja 10.1.2011

utvikla av organisasjonen Forum For the Future² på 90-tallet for lettare å kunne sjå kva som er viktig i utvikling av lokale ressursar. Tanken er at det å strukturera ressursane gjer det lettare å skaffe seg oversikt. Modellen kan og vere eit hjelpemiddel for behalde ei berekraftig utvikling av varer og tenester.

Naturleg kapital	Det grunnleggande for all produksjon, økosystemet, biologisk mangfald, topografi, vekstvilkår
Menneskeleg kapital	Kunnskap, erfaring, lidenskap, motivasjon, helse, evne til å knyta relasjonar
Sosial kapital	Menneske imellom; institusjonar og nettverk som held vedlike og utviklar menneskeleg kapital
Fabrikkert kapital	Materielle hjelpemiddel for produksjon, infrastruktur, maskiner og bygningar
Økonomisk kapital	Aksje, tilskot, fond, pengar på bok

2.2.2 Fellesgode og private gode

Ressursgrunnlaget kan delast inn i fellesgode og private gode. Fellesgode kan vere infrastruktur, fellesareal, lokall historie, m.m. og kjennast att ved at dei ikkje konkurrerer eller ekskluderar brukarar. Dei vert ikkje bruka opp, og ein kan ikkje stenge nokon ute frå å nytta eller gjere seg nytte av fellesgode³. Fellesgode kan ikkje seljast direkte, men kan nyttast i samband med sal av andre produkt, og på den måten bli ressursar for utvikling av private gode.


Når det vert skapt ein kreativ relasjon mellom eit område sine fellesgode og utvikling av private gode, får vi ressursbasert lokalsamfunnsutvikling (Lønning, Evans 2010). Dette vil bere preg av å vere berekraftig bruk av ressursar der samspelet mellom private godar og fellesgode styrker det totale tilbodet i området.

I modellen under syner me korleis fellesgode blir nytta til produksjon av private produkt. Det som vert skapt privat vil gi nye fellesverdiar gjennom tilbakemel-

² <http://www.forumforthefuture.org/projects/the-five-capitals>

³ http://no.wikipedia.org/wiki/Kollektive_goder

ding frå marknaden om at lokale ressursar og lokal identitet har interesse og verdiar utover lokalsamfunnet sine grenser (modellen er henta frå Lønning 2010).



Modellen syner eit kreativt samspel mellom eit lokalsamfunn sitt fellesgodegrunnlag og aktive nyskaparar som nyttar dette grunnlaget. I dette samspelet er det menneskelege engasjement avgjerande. Innanfor eksistensfilosofien⁴ heiter det at menneske er opptekne av å fylle eigne tilvere med meining. Nyskaping er ein måte å kome nærare eigne autentiske ynskje og verdiar. Dersom me sjølve vel å vere aktive i høve utviklinga av våre eigne omgavnader, kan me oppleve at verda framstår som meir "meningsfylt" og "rett" for oss. I eksistensiell forstand er det her kjelda til det "ekte" og "autentiske" ligg; i det menneskelege engasjementet og i innlevinga i eigne omgavnader. Motivasjonen til nyskaparen er å frigjere seg frå det skapte, og muligheit til å utøve fridom er ei drivkraft for heile nyskapingprosessen, (Lønning 2010).

⁴ <http://no.wikipedia.org/wiki/Eksistensialisme>, sist vitja 22.12.2010

Ved å gi nyskaparen fridom kan det skapast nye verdiar som kjem fellesskapet til gode. Samstundes er det viktig at nyskaparen vektlegg og stimulerar til lokal deltaking og engasjement. Modellen over synleggjer at berekraftig utvikling av eit lokalsamfunn ligg i samspelet mellom utvikling av private gode og fellesgode, og ikkje i den einskilde arbeidsplassen. Denne modellen kan vere eit godt verkty til å lage ein ny næringsstrategi i eit lokalsamfunn.

2.3 Tidsendringar som gjev rom for nyskaping i bygdesamfunn

Samstundes må nyskaparen og ha kjennskap til relevante trendar og drivkrefter i samtida og korleis eigne ressursar kan koplast opp mot desse. Spesielt relevante er framveksten av draumesamfunn og opplevingsøkonomien.

2.3.1 "Draumesamfunnet"

Jeger- og samlarsamfunnet varte i 100 000 år, bondesamfunnet i 10 000 år, industrisamfunnet i 200 år, og informasjonssamfunnet i 30 år. I 1999 skreiv den danske framtidforskaren Rolf Jensen om ein ny type samfunn som me er på veg inn i: Draumesamfunnet. Menneska i draumesamfunnet er opptekne av kva som appellerar til hjarta. Dette er viktigare enn det som appellerar til hovudet. Den gode historia rundt eit produkt er avgjerande for om me kjøper produktet⁵ eller ikkje. Erttertida har vist at Jensen var rimeleg framsynt, og hovudtankane frå tesa om Draumesamfunnet gjev oss gode verktøy for å kunna identifisera samtidige handlingsrom.

For å lukkast som nyskapar i dag, er det viktig å investere i dei gode historiene, dei som appellerar til kjenslene. Det nyttar ikkje å kome med noko konstruert, historia skal vere ekte og autentisk. Juks vert fort gjennomskoda. Jensen ser for seg seks ulike marknader, alle basera på kjensler, som vil være tilstades i Draumesamfunnet:

- Marknaden for opplevingar
- Marknaden for vennskap og kjærleik
- Marknaden for omsorg
- Marknaden for "kven er eg?"
- Marknaden for tryggleik

⁵ <http://www.bt.no/meninger/kommentar/Og-om-litt-er-kaffen-klar-68147.html>

- Marknaden for haldningar

Dei fire nyskaparane me har møtt, har alle til felles at produktet dei sel ligg hjarto deira nær. Dei appellerar dermed også meir til kjøparen sitt hjarte enn til hovudet. Dei har alle ei historie å koma med, dei er ekte og dei overfører si innleving i skapingsprosessen til eigne verksemdar og produkt. Rolf Jensen bruker uttrykket "hard fun"⁶ om framtida sin jobbsituasjon, noko som beskriv situasjonen ein nyskapar ofte kjem i: mykje jobb, men veldig moro.

2.3.2 *Opplevingsøkonomi og innlevingsøkonomi*

Det Jensen skildrar med sitt omgrep om draumesamfunnet er det stadig større rommet for opplevingsformidling og –produksjon i samtida. Opplevingsproduksjon i Noreg er i dag ein raskt veksande del av den nasjonale økonomien, både i omsetning og i tal tilsette. Den klart største næringa innan opplevingsnæringane er reiseliv. Denne representerer åleine ca 3,7% av BNP (SSB 2004).

Opplevingsøkonomi har og vakse fram som eit eige omgrep innanfor økonomisk analyse. Donatella De Paoli nyttar følgjande definisjon:

“En opplevelsesøkonomi finner vi når opplevelser, i tillegg til råvarer, ferdigvarer og tjenester driver den økonomiske veksten. Det vil si når opplevelser inngår i økonomien som selvstendige salgsheter (musikk, bok, film, teater, festivaler, opplevelsesparker etc) og når opplevelser som en merverdi blir anvendt for å øke salget av tradisjonelle produkter og tjenester. I en avansert opplevelsesøkonomi blir denne 'merverdien' priset og inngår som selvstendig produkt.”⁷

Opplevingsøkonomien er i stor grad kundestyrt. Det er kunden sine opplevingar som står i fokus, og produsenten legg omsynet til desse til grunn for produkt- og tenesteutvikling. I Noreg kan Kristiansand Dyrepark og mange andre tema- og opplevingsparker stå fram som tydelege døme, men me ser og korleis opplevingsomsyn og –diskusjonar kjem opp på stadig fleire arenaer i norske bygdesamfunn. Bygderessursar representerer her kjelder til det annleise og gjerne eksotiske, ofte sentrale element i vellukka opplevingsprodukt.

⁶ <http://www.dinside.no/16774/fremtidens-jobb-hardnbsp%3Bfun>

⁷ <http://www.kulturognaringsliv.org/assets/ForskninginnenOpplevelsesokonomi.pdf>, sist vitja 20.12.2010

Samstundes vil det nyskapande aldri kunna fangast heilt med dette kundestyrt perspektivet. Nyskaparen er ikkje først og fremst motivert av kunden, men av eige eksistens- og fridomssøk. Det sterke engasjement som ligg bak nyskaparen sitt ofte mangeårige arbeid med å realisera eigne draumar og idear blir ikkje fanga opp dersom analysen berre legg kunden sine behov til grunn. Omgrepet *innlevingsøkonomi* dreier seg såleis om å utnytte personleg engasjement som verdiskapande kraft for stad og region. Dag Jørund Lønning forklarar det slik:

“Innleving handlar om deltaking og engasjement; om å gjera staden til eins eigen og ein sjølv til del av staden. Innlevingsøkonomi er å utnytta dette personlege engasjementet som verdiskapande kraft for både stad og region. Innleving er ein tett, nær og direkte relasjon mellom mennesket og omgivnadene. Denne relasjonen er prosessuell, skapande, vedvarande og heile tida i endring. Innlevingsøkonomi som utviklingsstrategi dreier seg såleis om å opna opp for og leggja til rette for at denne typen nærleik heile tida får rom til å utvikla seg.”⁸

Innlevingsøkonomi handlar difor ikkje i første omgang om kunden eller forbrukeran og kva den ønskjer, men om nyskaparen/produsenten. Det er nyskaparen som har ein kjærleik til eller innleving i ideen eller produktet, og skaper eit produkt som kjennast rett og ekte for han. Denne innlevinga vil visa igjen i det ferdige produktet, og kan gi produktet særpreg og meirverdi. Denne innlevinga kan me finne hjå alle dei fire nyskaparane me møtte i arbeidet med denne artikkelen.

2.4 Men det trengst og meistringstru for å lukkast!

Personleg innstilling og mot er like viktig som struktur når nyskaparen skal etablera seg. Når noko nytt skal startast og utviklast, er det nesten garanti for at det kjem hindringar. Korleis nyskaparen taklar desse hindringane, er avgjerande for om han lukkast eller ikkje. Dette er tema alle dei nyskaparar me tala med var opptekne av.

Albert Bandura er ein kanadisk psykolog som har beskrive og satt i system det han kallar ”self-efficacy” (Bandura 1999), eller på norsk; meistringstru. Dette er ikkje det same som sjølvtilit, som er å ha tillit til det ein *er*. Meistringstru handlar om å ha tillit til det ein *gjer*, tillit til at ein faktisk kan få til noko. Her spelar

⁸ <http://www.segelfoss-forlag.no/prod.html>, sist vitja 20.12.2010

tankane ei stor rolle. Positiv tenking har mykje å seie for å lukkast med det ein satsar på.

Tru på eiga meistring kan utviklast, og då er det særleg fire faktorar som er viktige:

Eiga meistring. Erfaringar med suksess styrkjer trua på vegen vidare. Men også erfaringar av å meistra hindringar er viktige å ta med seg. Motstand som overvinnast gjer at meistringstrua kjem fram, og ein vågar å gå vidare fordi det har synt seg at ein har det som skal til.

Andre si meistring styrkjer trua på eiga meistring. Når ein ser eit menneske som ein identifiserer seg med, får ting til, styrkjer det trua på at ein sjølv kan klara det. Gjeld det menneske som ein ikkje identifiserer seg med, styrkjer det ikkje meistringstrua i same grad.

Verbal tilbakemelding frå andre er viktig for utviklinga av meistringstru. ”Dette klarar du” er viktig å få høyra når hindringane hopar seg opp på vegen mot målet.

Positiv innstilling: Den fjerde faktoren handlar om psyken. Positiv innstilling er med på å styrkje trua på seg sjølv. Menneske som kan tenke positivt har evne til å snu stressreaksjonar til noko positivt dei kan bruke for å koma vidare i prosessen. Korleis ein reagerer er mindre viktig enn *korleis* ein handterer og tolkar sine eigne reaksjonar. Kva følelsar ein kjenner på spelar ei viktig rolle når eit menneske skal vurdere si eiga evne og kapasitet.

Jo meir me kan bruka desse ulike elementa, jo betre tru får vi på vår eigne evner og jo større mulegheit er det for å lukkast. Når eit menneske er overbevist om å ha nok kvalifikasjonar og ressursar som skal til for å lukkast, mobiliserer det meir krefter, og ein lar vere å bruke desse opp på problemfokus og -orientering.⁹

I det følgjande skal me sjå nærare på korleis dette breie ressurs- og motivasjonsgrunnlaget for nyskaping kan spela seg ut i praksis.

⁹ <http://video.google.com/videoplay?docid=-2953790276071699877#> Sist vitja 3.1.2011

2.5 Møte med fire nyskaparar

2.5.1 Anne Lise Tyssebotn Gjesdal



Anne Lise starta i 1992 opp firmaet "Vill Vekst" saman med ei venninne. Anne Lise har ein lidenskap for naturen, og då særleg for sopp. Ho har skaffa seg fagkunnskap med agronom-utdanning og er godkjend sopp-sakkyndig. Gjennom si store interesse for å ta i bruk viltvek-sande ressursar har ho samla seg mykje kunnskap og praktisk

erfaring. Ho nyttar ressursane i naturen og forutan sopp haustar ho mellom anna ramslauk, rognebær, skvallerkål, brennesle og engsyre. Det er nok råvarer å ta av, faktisk så rotnar store verdjar bort kvart år.

Ein annan ressurs som er viktig for Anne Lise er sopp-plukkarane. Her kan alle som vil gå på tur få jobb. Anne Lise kontrollerar soppen som kjem inn før ho distribuerar den vidare. Ho fortel om eit eldre ektepar, begge passert 80 år, som er blant dei beste plukkarane hennar. Utretteleg sankar dei sopp heile hausten, og dotter deira tykkjer dei har blomstra opp etter at dei starta med dette. Dei kjem seg ut i naturen og har det kjekt. Eit år vart det endåtil reise til Egypt på dei for inntekta etter sopp-plukking.

Drifta av Vill Vekst byggjer på følgjande kapitaluttrykk:

Naturleg kapital – naturen, viltveksande nyttevekstar, spesielt sopp

Menneskeleg kapital – Anne Lises kunnskap og formidlingsglede, sopp-plukkarar, kokkar

Sosial kapital – restaurantar, foreiningar og lag, gastronomisk institutt

Fabrikkert kapital – infrastruktur, bil, båt, bygningar, kjøkkenreiskap, internett

Økonomisk kapital – eigenkapital, løn frå deltidsjobb, oppstartingsmidlar

Anne Lise fortel at det var viktig å vera to i etablerarfasen av Vill Vekst. Motivasjonen og støtta i det å vera to, gav mot til å gå på. Dei to utarbeida forretningsplan og gjennomførde marknadsundersøking. Interesse for produkta var stor i restaurantbransjen, kokkar i distriktet ville gjerne ha lokale råvare. Vill Vekst fekk både etablerartilskot og investeringstilskot, og brukte mellom anna midla til å bygge kjøkken til foredling av råvarene.

Anne Lise Tyssebotn Gjesdal driv i dag bedrifta åleine, og saknar somme tider å ha nokon å diskutere framtidige val og strategiar med. Men ho tykkjer det er meningsfylt det ho driv med, og ho har gjennom Vill Vekst oppdaga ei ny side ved seg sjølv som ho trivst spesielt godt med, nemleg det å formidle kunnskap. Ho har laga fleire foredrag: ”Grønt er skjønt”, ”Sopp er topp”, ”Blomar og bær, nøtter og røtter”. Ho avsluttar gjerne eit foredrag med å servere soppsuppe frå Vill Vekst sitt eige kjøkken.

2.5.2 Ragnhild Bjåen



Ragnhild Bjåen er eigar av og driv Bjåen Fjellstove øvst i fjellheimen i Setesdal, på grensa mellom Aust-Agder og Telemark. Fjellstova ligg rett innmed riksveg 9, i tilknytning til gardsbruket Bjåen Nordistoga, men på utskilt tomt. Hovedproduktet er overnatting og servering. I tillegg blir det arrangert kulturkveldar med musikk eller foredrag, ofte med basis i folkemusikk og lokal historie. Ragnhild tek og imot

grupper, både med og utan sjølvstell.

Lokal mat og mat laga frå botnen av er ein viktig del av konseptet. Poteter vert dyrka på garden, molter plukkast i fjellet og fisken kjem frå vatnet rett nedom fjellstova. Det er og tilgong på elg, reinsdyr, rådyr, hjort og rype. Lokalproduisert lam og sau vert salta og turka etter gammal tradisjon til mellom anna pinnekjøtt og fenalår. Spekepølse av elg er ein annan spesialitet. Ei eiga distribusjonsrute for lokalproduisert mat frå Telemark og Agder forsyner Bjåen Fjellstove

med ein del produkt, og det vert og bruka ein del økologisk mat. Mor til Ragnhild, Margrete Bjåen, bakar brød, medan braud og lefser vert kjøpt lokalt.

Bjåen Fjellstove er vedlikehalden og restaurert på ein slik måte at ein har tatt mest mogeleg vare på det opprinnelege. Å kunne slappe av og føle seg heime er ein viktig del av konseptet. Fjellstova er eit hus med sjel. Ragnhild har både utdanning og erfaring innan formidling, og det dreg ho nytte av når ho tek i mot gjester. Formidling av historia om Bjåen Fjellstove, om maten og korleis den har reist før den nytast av gjesten, eller om korleis ein har nytta naturressursane i kvardagen – både før og i dag - er noko av det Ragnhild kan fortelje om. Gjennom eit samarbeid med Høgskulen i Telemark tek ho i mot studentgrupper som får innføring i lokalhistorie, praktisk læring om fangst og fiske og turar i fjellet. Dei bur på fjellstova, ofte med sjølvstell.

På Bjåen er det stort rom for naturopplevingar i fjellheimen, til fots eller på ski. Er ein heldig, kan ein oppleve både reinsdyr og ryer på turen. Ragnhild har kompetanse og erfaring frå undervisning innan naturfag, naturbruk og friluftsliv. Ho kan difor hjelpe til med tilrettelegging av ulike aktivitetar.

Dei viktigaste kapitaluttrykka på Bjåen fjellstove er:

Naturleg kapital – fjellandskapet, roen og harmonien i naturen, vilt og fiske

Menneskeleg kapital – Ragnhild og hennar allsidige evne, som vertinne, kokk og formidlar. Ragnhilds utdanning og erfaring

Sosial kapital – Ragnhild sitt store nettverk, spesielt i høve til landbruk- og bygdenæringar, lokale matprodusentar, kvinnenettverk og utdanningsinstitusjonar

Fabrikkert kapital – Bygningen, plasseringa attmed riksvegen og samtidig i fjellandskap, kollektivtrafikk, infrastruktur, lokalprodusert mat

Økonomisk kapital – Bank, Innovasjon Norge, Bykle kommune, Setesdal Regionråd

2.5.3 Erna Urdal



Erna Urdal starta opp Bakkaåno Camping og Gjestegard i Hauge i Dalane saman med mannen Eivind. Etter forslag frå jordbruksjefen om å satsa på turisme, starta dei opp sommaren 1991. Etter det har dei bygd bedrifta gradvis opp.

Det fyrste året gjorde dei alt heilt enkelt. Dei hengde opp eit skilt med telt på

nede ved vegen, og håpa på at nokon ville koma. Det var ikkje krav om sanitæranlegg, det fekk dei byggje opp etter behov. Turistane kom, og det vart eit greitt år. Som vertskap baud Erna og Eivind på seg sjølv, det fekk dei bekrefte gjennom tilbakemeldingane dei fekk. Erna er eit varmt og spennande menneske, når ho snakkar så høyrar ein etter. Det ho seier er velfundert; ”Det å tene andre, og å vere tilgjengeleg for andre, er nok drivkrafta mi”.

Jordbrukssjefen i kommunen følgde opp forslaget sitt om å satse på turisme, og tilbød Erna å starte på etablerarskolen i Rogaland. Ho fekk og høve til å reise på studietur til Østerrike, noko som gjorde stort inntrykk. Det ho hugsar best, er kor engasjerte dei ulike drivarane som dei vitja på denne turen var. ”Det var full innleving, og første prioritet var å kunne tilby eit godt produkt. Eg vart særleg inspirert av at det følte så ekte,” fortel Erna.

Etter at Erna hadde gjennomført etablerarskolen i 1993, byrja ting å bli meir forpliktande. Dei sette i gong utbygging og ombygging, blant anna vart den gamle siloen gjort om til gjesterom. Heilt fram til i dag har dei fortsett med å byggja, litt om gongen.

Den lokale banken har stilt opp med gunstige lån, elles fortel Erna at ho fekk etablerarstipend som dekte 30% av utdanninga.

Det er overnatting som er hovudproduktet til Erna og ho er bevisst på å bruke tid på gjestene. ”Eg fortel dei om omgivnadane, og legg til rette for at dei kan oppleva noko. Eg fortel blant anna om Blåfjellgruvane i Hauge, der dei dreiv ut

Titan på midten av 1800-talet. Me har og tilrettelagt for at gjestene skal kunne spele golf, fiske og bade. Me har eigen leikeplass og me gjer gjestene merksame på dyrelivet i skogen,” fortel ho.

Erna har, i tillegg til å ta i bruk ressursar på og i kring gardsbruket, vore bevisst på personlege eigenskapar når ho har satsa på Bakkaåno Camping og Gjestegard. Gjennom etablerarskulen utarbeida ho ein oversikt over nødvendige funksjonar for bedrifta. På den måten fekk ho god oversikt over ulike arbeidsoppgåver og fordeling av ansvarsområde. Dette gav eit godt grunnlag for å kunne ta avgjerder i utviklinga av bedrifta. Modellen, ”arbeidskaka sine åtte eigenskapar”, fylte ho ut og hang opp på veggen. Erna hevdar at den er ein av årsakene til at dei har lukkast. I oppbygginga av Bakkaåno har Erna stolt på seg sjølv og ho har og vore bevisst på at utbygginga er ein prosess der stadig nye prosjekt vert gjennomførte. Det er ikkje noko mål å bli ferdig eller å stoppe prosessen. ”Når ein sesong er over tenker eg på den neste”, seier Erna.

Når ein summerar opp kan ein sjå tri element som har vore viktige for utviklinga av Bakkaåno Camping og Gjestegard: Definerings av produkt, kartlegging av eigen person, tilgjengelege ressursar og ei bevisst haldning til det å drive forretning. Ernas fem kapitaluttrykk er som følgjer:

Naturleg kapital – naturen og plassering

Menneskeleg kapital – engasjement, kunnskap om eigne tilgjengelige ressursar, kunnskap om lokale attraksjonar

Sosial kapital – etablerarskulen, studietur, kommunen

Fabrikkert kapital – infrastruktur, bygningar, internett

Økonomisk kapital – eigenkapital, gunstig banklån, etablerarstipend

2.5.4 Torill Undheim



i 2008.

Torill Undheim driv ”Kameraten Hundehotell” på Nærbø. Då driftsforma og inntektsgrunnlaget på garden vart endra, hadde Torill valet om å søkje arbeid utanfor garden eller starte opp eiga næring. Torill har alltid hatt ein lidenskap for hundar og hadde behov for å lage noko nytt til sine firebeinte vener. Denne lidenskapen var den viktigaste motivasjonen då ho starta opp hundehotellet heime på garden

Ideen kom etter ein tilfeldig prat med nokon som dreiv kennel. Dette var noko ho kunne tenke seg å satse på. På garden var det god plass til ein ny bygning med luftegarde. Dessutan stod det gamle gjødsellageret tomt. Torill brukte 2-3 år på å planleggja hundehotellet. Bygningen teikna ho sjølv. Ho fekk innspel frå andre, men hadde heile tida styringa som planleggjar og byggjeleiar. Dette var eit utfordrande og lærerikt arbeid.

Då Torill skulle starte opp, var ho litt skeptisk til den lange avstanden til kundane. I ettertid har det synt seg at avstand ikkje er viktig når kjæledyret skal plasserast vekk. På Kameraten Hundehotell er det god standard og topp service. Målet var å opparbeide seg eit godt omdømme. Dette har Torill Undheim fått til og no kjem kundane heilt av seg sjølve, utan vidare marknadsføring.

Torill var bevisst sine eigne ressursar i arbeidet med å starte hundehotellet. Ho var van med organisasjons- og styrearbeid og hadde eit breitt kontaktnett som ho har bruka aktivt. Ho har uttanning frå handelsskulen innan marknadsføring som har kome til nytte. Ho har også brei kunnskap om hundar.

Ressursane på garden er unike. Gardsbruket ligg for seg sjølv slik at støy frå hundane ikkje er til sjenanse for nokon. Her er ingen sterkt trafikkerte vegar, lite rakettar på nyttår og mykje frisk luft. Landskapet rundt garden kan nyttast til turgåing med hundane. Tilgongen på areal, ledig kapasitet i gjødsellager og ein elektrikar som ektefelle, har gjort at Torill har klart å redusere kostnadene. Ho har i tillegg fått gode finansielle midlar gjennom Innovasjon Noreg.

Hennar fem kapitaluttrykk er som følger:

Naturleg kapital – naturen rundt garden

Menneskeleg kapital – Torills kunnskap og erfaring med hundar, den levande interessa hennar for hundar

Sosial kapital – Torills breie nettverk

Fabrikkert kapital – infrastruktur, bygningar, internett

Økonomisk kapital – eigenkapital, midlar frå Innovasjon Noreg

2.6 Nyskaping og ressursidentifikasjon

I denne artikkelen har me fått innblikk i fire nyskaparar sine bedrifter. Me ville sjå på om det finst fellestrekk for desse personane, og om slike fellestrekk kan vere med å beskrive personar som går i gong med nyskaping. Me ville og sjå på nyskaparane sine evner til å ta i bruk ressursar, både personlege, privateigde og dei som reknast for å vere fellesgoder.

2.6.1 Lidenskap og interesse

Alle nyskaparar me har møtte brenn for det dei held på med. Verksemdene har vakse fram av eigne interesser og engasjement. Kameraten Hundehotell er eit godt døme. Dette er eit målretta og gjennomtenkt prosjekt. Torill Undheim har vurdert ressursgrunnet, ho har skaffa seg kunnskap i forkant, ho har hatt styring med planlegging, utforming og gjennomføring av bygging. Ho har vore tolmogig for å få til ei god finansiering, slik at ho har kunna gjennomføre prosjektet på ein kostnadsbevisst måte. Ho har bruka eigen kompetanse i marknadsføringa og har lukkast med å få fram eit produkt med god kvalitet. God kvalitet gjer at kunden vil anbefale produktet til andre. Dette opplever Torill no slik at ho i dag ikkje brukar pengar på marknadsføring ut over drift av heimeside. Ho har gjennom sin lidenskap for hundar ei sterk innleving i produktet.

2.6.2 Begeistring for naturen

Bedrifta Vill Vekst er tufta på Anne Lise Tyssebotn Gjesdal si begeistring for å kunne ta i bruk ressursar frå naturen. Ho brukar ressursar som er tilgjengelege for alle, fellesgode, og gjennom sin kompetanse foredlar og omset ho produkta. Dette er ei kvinne med eit sterkt engasjement for det ho driv med: Ho elsker naturen og vil gjerne dele både kunnskap og gleda med å ta naturen i bruk saman med andre. I tillegg klarar ho å få til eit fellesskap der ho betalar for innhausta sopp som ho foredlar vidare. Dette er eit godt døme på korleis ein kan få

fellesgode til å bli private gode og samstundes vere med på å bygge eit fellesskap. Anne Lise har eit sterkt engasjement for det ho driv med. Likevel har ho heile tida hatt fokus på sal og inntening.

2.6.3 Tradisjon og historie

Samfunnsutbygging og byvekst legg beslag på meir og meir landbruksjord i sentrale strøk. Det er og lagt store avgrensingar på nydyrking. Dette gjer det utfordrande å skulle auka sjølvforsyningsgraden i ei tid prega av rask befolkningsvekst både lokalt og globalt.

Mange bruk som sel eller leiger bort mjølkekvoten held oppe landbruksdrifta med sau eller ammeku, eller dei startar produksjon av slaktegris eller slaktekylling. Dette er produksjonar som er enklare å kombinera med anna arbeid.

For å kunna ta innhausting på nokre få dagar med lagleg vær, er gardbrukaren nå avhengig av hjelp. Denne vert oftast leigd inn frå maskinentreprenørar. Me ser ei utvikling mot at kjøreglad ungdom satsar på eigne maskinar og kjører for bøndene. Rundballepressing er svært populært men på dei store bruka leigest det mest store finsnittarar og fôret vert lagt i plansilo eller på marka.

4.2.6.2 Trend 2: Nyskaping innanfor landbruksnæringen.

Samtidig som effektiviseringsprosessene fortsetter innanfor tradisjonell volumproduksjon, ser vi stadig flere eksempel på nyskapende bruk av gården sine ressurser. Vi har sett på tre gårdar på Jæren og i Dalane som på hver sin måte uttrykker en samtid preget av etterspørsel etter nye opplevelser og smaker; dette er Kryddergården i Klepp kommune, Iskremgården i Hå kommune og Hagen gård som er under planlegging i Lund kommune.

4.2.6.2.1 Kryddergarden

Kryddergarden ble grunnlagt av Bente Aarsland i 1996. Det var på en bondegård på Jæren det hele begynte. Det første drivhuset som var på 450 kvadratmeter. Det startet med 12 forskjellige sorter krydderurter.

Etter hvert som vi i Norge ble mer vant med å bruke urter i mat økte etterspørselen etter nye sorter urter. I dag er sortimentet økt fra 12 til 40 urtesorter. Kryddergarden disponerer nå 3500 kvadratmeter med topp moderne veksthus for helårsproduksjon av ferske krydderurter, og leverer urter fra Bergen til Kristiansand.

Etterspørselen er fortsatt økende, og sortimentet blir stadig utvidet.

4.2.6.2.2 Iskremgarden

I 2006 bestemte Grete Waldeland Høiland og Ole Morten Høiland at de ville mer enn vanlig gårdsdrift. Resultatet ble iskrem gården.

De dro til Italia for å smake, lære og knytte kontakter. Og resultatet må oppleves! De har klart å få knytte kontakter opp mot butikker i nærområdet (Helgø Matsenter, Coop og Rema1000) samt at de har egen nettside der du kan bestille direkte. En får også kjøpt isen direkte fra gården.

Produktene har fått mye skryt og bedriften er i stadig vekst.

4.2.6.2.3 Hagen gård; hva kan et nedlagt småbruk brukes til?

Landbruket er i stadig endring og politikerne legger opp til større og færre gårdsbruk, med større konsentrasjon og spesialisering av produksjonen. Dette medfører at mange mindre gårder i distrikts Norge står tomme og kulturlandskapet gror igjen.

Hagen gård ligger på Særta på Moi i Lund kommune og er under utvikling etter å ha ligget brakk i 20 år. Caroline Michaelsen og Tom Redder planlegger å utvikle denne til opplevelses-, rekreasjons- og teambuildingssted med hest og naturopplevelser som sentrale moment.

Caroline har drevet med hester i 15 år, foruten om at hun har studert husdyrproduksjon med spesialisering på hest ved Høgskolen for landbruk og bygdeutvikling og holder nå på med en bachelor i bygdeutvikling ved samme høgskole.

Hagen Gård tilhører Carolines foreldre og ligger på setra på Moi i Lund kommune sør i Rogaland. På eiendommen ble hus og andre bygninger ble skilt fra og solgt som fritidsbolig for mange år siden. Carolines familie har hatt ei hytte på eiendommen i ca 20 år, og nå ønsker hun og hennes samboer Tom og kjøpe eiendommen av Caroline's foreldre for å utvikle den slik at de kan drive med turistridding og teambuilding.

Hagen gård er ca 180 mål og har en lang smal form som strekker seg over Lundsheia til Setravannet. Det finnes ikke dyrket mark og eiendommen er etterhvert blitt sterkt gjengrodd. Området er for det meste fjellandskap, lyngheier og knauser samt 20 mål som har vært definert som innmark men som nå trenger full opprensning.

Det falt naturlig å velge hest som næring på gården, først og fremst fordi dette har blitt mer en livstil enn en hobby de siste årene, og Caroline har gjennom utdanning og erfaring opparbeidet en betydelig kompetanse på området. Landskapet taler også for hesten. Dette er veldig kuppert og flere steder brattlendt. Beitet består av et variert utvalg fjellgress og lyng, og deler av eiendommen er sterkt preget av gjengroing med trær og busker. Det er her hestene kommer inn i bildet: Hester er ypperlige beiteryddere. De spiser variert og de nordiske hesterasene er også svært nøysomme og krever mindre næring i beitegresset.

Det er små muligheter til å drive lønnsomt verken med storfe eller småfe på eiendommen, ettersom beitearealet er for lite og grovfor til produksjonsdyr på vinterstid ville være for kostbart.

En annen mulighet kunne vært å satse på kraftfôrkrevende produksjoner som kylling eller gris, men dette ville kreve store investeringer med liten mulighet til verken å selge gården eller skifte yrke før pensjonsalder.

Planen er å drive et alternativt landbruk som ikke er avhengig av landbrukssubsidier for å kunne overleve. Det er ikke selve hesten det skal tjenes penger på, men opplevelsen rundt den. Når dette er sagt finnes det heller ikke ikke mye tilskudd å hente på hest. Det gis kun tilskudd til hester under 3 år og til hester som brukes i avl. Areal som blir benyttet til hestehold blir behandlet som annet jordbruksareal når det gjelder areal- og kulturlandskapstillegg.

Foreløpig er bygningene på Hagen gård bare så vidt kommet av tegnebordet, men byggetillatelsen er i boks. Stallen er planlagt å bygges enkel, med kun de nødvendige innretningene i starten. Det vil de første årene kun være tilbud om organiserte dagsturer med hest.

I dette området av landet er det få eller ingen slike tilbud fra før. Området rundt Hagen gård byr på fantastisk natur, med et rikt dyre- og fugleliv. Det er ikke sjelden å møte på elgen under en rolig tur på hesteryggen en morgen tidlig på høsten.

Milevis med grusveier i heiene rundt eiendommen gir muligheten for både behagelige turer og lengre galopper for de erfarne. En håper på å få utarbeidet gode avtaler med nabogårdene for bruk av grusveiene til turridningen. Ellers vil turene foregå «off road» til bestemte leirplasser for kaffe og enkel mat på de lengste turene.

Turistridningen vil mest sannsynligvis være en aktivitet for sommerhalvår og tidlig høst. Teambuilding er derfor tenkt å skulle gi inntekter også i resten av året. Etter å ha fått på plass uteområder og stall de to første driftsårene er det meningen at stallen bygges på med blant annet konferanserom og grillhytte.

En har vært i kontakt med Måltidets hus for utvikling av en enkel servering, gjerne tradisjonell norsk mat med ny vri, men også hjemmelaget saft og selvbrygget øl skal være med til måltidet. Med både snø kjøring med hest, pil og bue skyting fra hesteryggen for å nevne noe pluss mye mer vil en kunne tilby kundene en spennende og utfordrende dag utenom det vanlige.

4.3 Landbruk er avhengig av kreativitet

I denne artikkelen har me vist at det å driva gard stiller store krav til kreativitet, endringsevne og –vilje. Uansett om ein driv tradisjonelt landbruk eller innanfor nye næringar vil stadig endrande marknader og rammevilkår krevja at drift og driftsformer heile tida er i utvikling.

For å lukkast må ein ta utgangspunkt i det breispektra ressursgrunnlaget på garden, vera bevisst på kva ein vil, og heile tida søka dei mulighetene som kan finnast i form av endringar i samtida. Sjølv om ein møter motgang så er det

viktig å ikkje gje opp; det kan ta lang tid før ein kjem dit ein ønskjer å vera i forhold til driftsform.

5 HVORFOR HAR RUDI GARD BLITT DEN SUKSESSEN DEN ER?

Av Tone Læg Reid og Oda D. Bakken, HiL



Rudi Gard startet som en helt vanlig gård, men har utviklet seg opp gjennom årene til å bli et av Gudbrandsdalens største opplevelsessenter. På Rudi Gard skal man underholdes, og samtidig oppleve norsk kultur på sitt beste. Øystein Rudi med familie vek-

ker interesse ved å spille på det tradisjonelle norske. Gården kjører mange forskjellige typer arrangementer, som engasjerer en stor målgruppe. Rudi gard ligger 7 mil fra Lillehammer, midt i vakre Gudbrandsdalen.

Gården har gjennomgått restaurering, men likevel har de tatt vare på det gamle. Låven er tatt i bruk som forsamlingslokale Kornbue har oppstått som pub og en gress-silo er omgjort til kunstgalleri. Turer til fots, på sykkel, ski, kano eller i raftingflåte er noen av aktivitetene som står på programmet. Rudi Gard tilbyr ekte tradisjonell mat, og blir laget fra de beste lokale råvarene.


Det at gården har en historie er noe de legger stor vekt på i markedsføringen. Mange av de besøkende går hjem storfornøyde, etter gårdsbesøket. Ordet sprer seg raskt og interessen til å besøke Rudi er stor.

Gjennom denne teksten skal vi gi dere et innblikk i teorien til opplevelsesproduksjon i forhold til produktet "Åpen Gard". Dette er et arrangement for hele familien. Øystein Rudi ønsker velkommen til gårds, for at de besøkene kan oppleve gårdsdrift. På programmet står aktiviteter som å hilse på dyrene, og omvisning på gården. Barnas favoritt er gråtasstur, hvor de får være med å kjøre traktor på gårdstunet. De voksne kan sitte på låvetunet og kose seg med kaffe og kaker.

5.1 Teorigrunnlag

Vi har ulike modeller som forklarer hvordan og hvorfor et opplevelsesprodukt blir en suksess. Vi skal sette teorien opp mot opplevelsen “Åpen Gard”. Først anvendte vi Sweetspot, for og videre se det i lys gjennom opplevelsespyramiden. Opplevelsespyramiden er et verktøy som gjør det mulig å analysere og forstå opplevelsesaspektet innen reiselivet.

5.1.1



Source: Pine and Gilmore (1999, p. 30)

meningsfull opplevelse for kunden.

Sweetspot

Sweetspot er en teori av Pine og Gilmore (1999). Den vurderer i hvilken grad kunden involverer seg i selve opplevelsen eller ikke. Modellen består av fire felt, men målet er å få en balanse mellom disse (Sweetspot). Når man mestrer denne balansen, så skaper man en

Pine og Gilmore (1999) hevder at det *estetiske* går ut på å se opplevelsen. Her lener du deg tilbake, lytter, ser og får inntrykk gjennom de sansene. Kan være å nyte utsikten av et vakkert landskap i Gudbrandsdalen. Du er passiv.


Det *underholdene* feltet er en utvidelse av det estetiske. Man befinner seg i opplevelsesrommet, den besøkende er til stedet med de sansene en har. Man blir underholdt, men forholder seg allikevel passiv.

Pine og Gilmore mener også at det *eskapistiske* handler om når kunden å delta aktivt. Dette er viktig for å skape den totale opplevelsen.

Utdanningsfeltet går på læringsutbyttet underveis i opplevelsen. Man lærer bevisst og ubevisst. Dette fører til at kunden får en bedre forståelse for attraksjonen, og en kan få følelse av mestring ved å delta på ulike aktiviteter.

5.2 *Opplevelsespyramiden*

Fundamentet i opplevelsespyramiden viser seks ulike steg. Alle er like viktige, og alle seks stegene må være nådd for at det skal være en ultimat opplevelse for kunden.



Elementene må også ha en rød tråd slik at det blir en helhetlig opplevelse. (Tarssanen S. og Kylanen M. 2007 side 142-147)

Først vil vi forklare de fem nivåene, for deretter beskrive de seks elementene for suksess, som er selve grunnlaget for opplevelsespyramiden

Første nivå i pyramiden går på *motivasjonen*. Det er her det handler om å vekke interessen hos kundene. Med god markedsføring tiltrekker det kunder til besøksstedet. Når du skaper interesse, kan dette resultere i motivasjon til å prøve opplevelsesproduktet.

På neste nivå i pyramiden ligger det *fysiske* nivået. Dette stadiet har kunden utforsket sine omgivelser gjennom sanser, og selve produktet er prøvd ut og mottatt. Med fysiske sanser, oppdager vi hvor vi er, hva som skjer og hva vi gjør. Det er viktig at produktet gir en behagelig og trygg opplevelse. For ek-

sempel at kunden ikke er sulten eller tørst, eller at det ikke er for varmt eller kaldt. Det er viktig at kunden er tilfredsstilt.

På det *intellektuelle* nivået bør kunden lære, tenke og gjøre seg opp meninger om produktet. Tanker om han/hun er fornøyd med produktet eller ikke.

Det *følelsesmessige* nivået er det fjerde steget i pyramiden. Enkeltpersonenes reaksjoner er vanskelige å kontrollere og forutse. Om alle grunnleggende elementene i et produkt er tatt i betraktning, så er det ganske sannsynlig at klienten vil oppleve en positiv følelseladd reaksjon. For eksempel glede, stor begeistring, mestrings følelse og man tilegner seg ny kunnskap.

Det siste og høyeste nivået på pyramiden er det *mentale* nivået. Pine og Gilmore (1999) sier at ” *En positiv og kraftig følelsesmessig reaksjon gir en meningsfull opplevelse, og kan føre til en personlig endring*”. For eksempel kan kunden finne en ny hobby, en ny måte å tenke på eller noe annet nytt med seg selv gjennom en meningsfull opplevelse.


Et opplevelsesprodukt bør være basert på de fysiske og mentale nivåene i opplevelsespyramiden. Ved bruk av denne modellen kan tilbydereren finne utviklingsmuligheter i sitt produkt ved å analysere det.

5.3 De 6 elementene

I pyramiden nederst ser vi at det er beskrevet elementer som påvirker kundens opplevelse. Dette er seks elementer, som Pine and Gilmore mener er kriterier for suksess. Overnevnte mener at disse faktorene må være med for en optimal opplevelse.

Individualitet Opplevelsen må være unik, og treffe enkeltpersonen.

Autentisitet (ekthet)



Det autentiske i en opplevelseskontekst er knyttet til produktets troverdighet. Objekter og fenomener som passer inn på et sted både fra de lokale og turistenes syn, er autentiske og dermed troverdige i den spesifikke konteksten man befinner seg i. Opplevelsen må være det som den sier at den skal være. Figuren til venstre illustrer nettopp dette. Det er viktig å være tro mot sitt eget produkt. Kunder har i dag stor mulighet til å skaffe seg informasjon før et besøk og bygger seg da opp forventninger. Da må dette samsvar med det som blir lovet.

Fortelling (historie) Må føles ekte. Historien bør gi opplevelsen en betydelig mening.

Sansebruk Målet er at opplevelsen skal berøre flere sanser hos den enkelte. Gjennom lyder, lukter, smaker og visuelle sanser kan en oppnå og berøre en person.

Kontrast Produktet må skille seg ut fra kundens dagligdagse hverdag. Ved å tilføye dette elementet i produktet, gir det kunden muligheten til å oppleve noe nytt, eksotisk og unikt. Er det store nok kontraster, så kan dette skape minneverdige opplevelser.

Interaksjon representerer kunderelasjonen mellom arrangøren og deltagerne. Interaksjonen er viktig, for det skaper en følelse av tilhørighet ved at en gruppe opplever noe sammen. Interaksjonen foregår i opplevelseshrommet. I følge Mossberg (2007) så beskriver hun opplevelseshrommet som de fysiske omgivelsene som tjenesten produseres, leveres og forbrukes i. Bitner (1992) hevner at opplevelseshrommet består av flere faktorer som påvirker både kundens og de ansattes tilfredshet og adferd.

5.4 Diskusjon

“Åpen Gard” havner i «Sweetspoten». Det at kunden deltar i selve opplevelsen er lagt vekt på i mange teorier som en egen suksess kriterie for å få til en meningsfull opplevelse. En meningsfull opplevelse skaper lojalitet til produktet.

Det estetiske på ”Åpen Gard” kan være landskapet og naturomgivelsene rundt Rudi Gard. Opplevelseshvervet er med på å skape en god opplevelse. Gården ligger i landlige og vakre omgivelser. Øystein og familien stiller i stand ulike arrangement som konserter og forestillinger, og dette er opplevelser hvor personer passivt sitter og tilegner seg inntrykk gjennom sanser. Det ligger flere gamle bygninger som er bevart i området som gjør det veldig autentisk.

Det eskapistiske skjer når kunden deltar aktivt i opplevelsen. Det kan være at barn får være med å kjøre traktor, eller at foreldre har en melkespann kasting konkurranse. Da produserer man opplevelsen. Det er flere aktiviteter besøkende på gården kan delta aktivt på. Familiedagene ”Åpen Gard” tilbyr barn og voksne å være med på stell av dyr. En kan også være med på sauesanking på sensommeren.

Utdannelsesfeltet dekkes ved at man går rundt på gården og tilegner seg kunnskap om gårdsdrift. Øystein forteller gjerne historier på sine guidede turer omkring på gården. Da kan man få en forståelse av hvordan gårdsdrift var i gamle dager og frem til i dag, og hvilke utfordringer bønder møter.

Underholdningsfeltet går på litt det samme som det estetiske feltet. Man er på gården som er opplevelseshvervet, og får inntrykk gjennom sansene. Selve opplevelsen ”Åpen Gard” er underholdene. Man kan gjøre det mer underholdene, ved å delta på aktivitetene som tilbys.

Vi skal nå se på et av Rudi Gards mange produkter, lys av opplevelseshvervet. På sensommeren arrangerer Øystein “Åpen Gard” for hele familien. Det er en populær opplevelse, som tiltrekker publikum år på år.

Først, **individualisering**. ”Åpen Gard” er skreddersydd i henhold til kundens ønsker og behov. Produktet har en annen målgruppe, enn mange av de andre arrangementene. Det er en opplevelse for familien, og er tilpasset deretter. Opplevelsen er **autentisk**. ”Åpen Gard” baseres på gammel tradisjon. Når man er på ”Åpen Gard”, så får man følelsen av at det ikke er tilgjort, men de er det de sier

de er. Barna får muligheten til å ha en interaksjon med ekte dyr, og leke i trygge omgivelser.

Historien gjenspeiler at gårdsdriften på Rudi gard startet opp rundt 1930 tallet og ble lagt ned i 1987. Rudi gard omsvermes av gammel gårds tradisjon. De tar vare på det gamle, men samtidige skape ny nytt. Vertskapet er dyktige til å formidle sin fortelling til gjestene. Man får en **flersensorisk opplevelse** på ”Åpen Gard”. Omgivelsene er et vakkert syn for øyet, og for det de fleste er det utallige lukter som ikke er hverdagslige. Smaksløkene blir stimulert når gjestene får smake på god tradisjonsmat. Det er heller ikke sjeldent man får høre felespill, eller lyden av dyr.

Kontrastene på ”Åpen Gard” kan være store for mange. Flere reiser fra byer, og er ikke vant med verken gårder eller dyr. Det er lett å glemme den hektiske hverdagen, når man er i slike fredelige og uvante omgivelser. Gården blir også hyppig besøkt av bygdefolket. De opplever kontraster med at de møter naboer, i andre omgivelser.

Interaksjon er noe som er viktig at fungerer blant de ansatte, og selvfølgelig også mellom de ansatte og gjestene. På ”Åpen Gard” gir de alt for at gjestene skal føle seg velkomne og spesielle. Øystein Rudi prøver å få håndhilst på gjestene, slik at de føler seg satt pris på. Han er til stedet hele dagen, og kommuniserer med de besøkende. De besøkende har også en interaksjon med opplevelsesrommet, som i dette tilfellet er gården. For Øystein Rudi er det derfor viktig og holde omgivelsene rene, ryddige og trygge. Han har tilrettelagt med parkeringsplasser både for buss og bil. Veien til Rudi Gard er godt skiltet, med blant annet en stor plakate på E6 som viser vei.

For mange kan ”Åpen Gard” være en ekstra ordinær opplevelse. Alle inntrykkene man tilegner seg, kan sammen føre til personlig endring. Alle nivåene i pyramiden er dekket, men er det slik for alle? Mennesker er ulike, og har forskjellige ønsker å behov. Selv om målgruppen for ”Åpen Gard” er barnefamilier, så påvirkes ikke hvert enkelt individ på samme måte. De besøkende har ulike bakgrunn, som påvirker deres opplevelse. For noen kan ”Åpen Gard” være en fantastisk opplevelse, mens andre kan finne det uinteressant og blir dermed ikke like påvirket.

5.5 Konklusjon

”Åpen Gard” er et helhetlig produkt. Det er tydelig at kundens behov har vært satt i fokus, gjennom nøye planlegging. Det kan nesten virke som Øystein og familien har fulgt suksessoppskriften. Det er ingen tvil om at ”Åpen Gard” fyller kriteriene til en ekstra ordinær opplevelse. Det har vi fått bevist gjennom teori fra Pine and Gilmore og Tarssanen og Kylänen. Et viktig element i opplevelsespyramiden er autensitet. Det at ”Åpen Gard” er det de sier de er, er nok en av årsakene til at gården har oppnådd suksess. Gjennom et gårdsbesøk får de besøkende oppleve kontraster til det dagligdagse liv.

Opplevelsen “Åpen Gard” er definitivt en meningsfull og ekte opplevelse, og kan føre til personlig endring hos kunder.

5.6 Referanser

Bitner, M.J. (1992) Servicescapes: *The Impact of Physical Surroundings on Customers and Employees*, *Journal of Marketing*, 56 (2), 57-71.

Mossberg, L. (2007) *Å skape opplevelser – Fra OK til WOW!* Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS

Pine, J. B. and Gilmore, J. H. (1999) *The Experience Economy*, Harvard Business School Press, Boston, Chapter 1 and 2

Tarsannen, S. and Kylänen, M (2009) *A theoretical Model for Producing Experiences – A Touristic Perspective*”, p. 134-50.

6 VESLE STORE VOSS. KVA ER LØYNDOMEN BAK VOSSABYGDO?

Av Torill Dysjaland, Aud Jane Håland, Gunhild Lovise Maudal og Kristin Skrettingland-Haarr, HLB

6.1 Innleiing

Bygdeutvikling skjer ikkje av seg sjølv. Mange bygder slit med fråflytting og lite som skjer. Bygda Voss skil seg på mange måtar ut ved å vera ei særskilde levande bygd, mange frå Voss har gjort seg bemerkta på ein eller annan måte. I denne artikkelen vil me prøva å finna ut kva som skjer på Voss og kvifor dei har lukkast. Me har snakka med og intervjuja mange på Voss, både folk som har gjort seg gjeldane i nasjonal og internasjonal samanheng og “vanlege” Vossabuar.

6.2 Voss - bygd for sterke opplevingar

Voss er med sine 1805 kvadratkilometer den største kommunen i Hordaland fylke. Ut frå sentrum går det dalføre i alle retningar. Voss er eit trafikkknutepunkt for tog, buss og bil. Både Bergensbanen og stamvegen aust-vest går gjennom kommunen. Dette gjev ei reisetid frå Bergen på omlag 1 time og frå Oslo 5 timar. For besøkande er Voss eit godt utgangspunkt for utflukter.¹⁵

Voss er ei spesiell og levande bygd med sine nær 14 000¹⁶ innbyggjarar. Voss har passert fleire andre stader i Noreg både i folketal og infrastruktur, likevel vel Voss å framstå som bygd og ikkje by. Dette legg dei bevisst vekt på i marknadsføringa av staden. Det er meir sjel i ei bygd, alle kjenner alle, ein by vert meir upersonleg. Vossingane er stolte av bygda si, av dialekta – “Vossamaolet” – og av folka som kjem frå denne staden. “Voss - bygd for sterke opplevingar” er Voss kommune sitt slagord. I Voss skal ein få sterke opplevingar, anten ein er i naturen, innan kulturlivet eller på skulen.¹⁷

6.3 Vossanaturen

Naturen inspirerer til mangfaldet av aktivitetar bygda Voss har å by på. Det meste av arealet i kommunen er fjellområde som ligg høgare enn 300 meter

¹⁵ www.visitvoss.no, sist vitja 14.10.11

¹⁶ www.ssb.no, sist vitja 14.10.11

¹⁷ www.polsak.igest.no, sist vitja 4.12.11

over havet. I verdssamanheng er landskapet på Voss unikt, og står på Unesco si verdsarvsliste. Vossingen har funne ut at ein kan gjera meir enn å sjå på naturen, ein kan verta ein del av den. Dette blir også formidla til dei som vitjar bygda. I nesten 200 år har vossingane latt besøkande teke del i deira natur- og kulturtradisjonar.¹⁸

6.4 Vossakulturen

På Voss blir det arrangert ei rekkje festivalar. EkstremSPORTveko, Vossa Jazz, Vossa Cup, Smalahovesleppet og Osafestivalen er berre nokre av dei. Festivalane er ein måte å ta vare på og vidareføra dei rike kulturtradisjonane innan kunst, kultur, handverk og mat. “Kjendis-Vossingar” stiller gjerne opp for bygda si når det trengs. Kjende navn gjev fleire besøkande og meir pengar i kassa, som igjen gjev rom for større arrangement.

Voss kan elles by på eit mangfald av lokale organisasjonar innan kultur og idrett. I alt skal det finnast rundt 500 frivillige lag og organisasjonar på Voss, blant dei over 40 idrettsorganisasjonar og eit mangfald av idrettsanlegg.¹⁹

Voss har lange tradisjonar som skulestad. Dette har i stor grad verka inn på oppvekstmiljøet generelt. Voss har i alt 5 vidaregåande skular. Det breie utdanningstilbodet på Voss gjer at Vossa-ungdom vert buande heime til dei tek fatt på høgskuleutdanning. Høgskuletilbodet på Voss er lite, men aukande. Her finst faste institusjonar som tilbyr høgskuleutdanning innan musikk og kulturformidling. Voss har universitetsførebuande undervisning og vekslende tilbod om etterutdanning.²⁰

Ved å kontakta kommuneadministrasjonen, fekk me veta at entreprenørskap står på timeplanen i ungdomsskulen. Kommunen jobbar også bevisst mot å få gode EU-prosjekt, dette trekkjer til seg pengar utanfrå som gjer at kommunen raskare kan realisera prosjekt.

Kva veit me om det å lukkast som bygd? I det følgjande vil me sjå på kva litteraturen seier om dette.

¹⁸ www.visitvoss.no, sist vitja 14.10.11

¹⁹ www.visitvoss.no, sist vitja 14.10.11

²⁰ www.voss.kommune.no, sist vitja 5.1.12

6.5 *Endringar i tida*

Samfunnet er heile tida i endring. Den danske framtidforskaren Rolf Jensen har satt utviklinga i system, og byrjar med jeger- og samlarsamfunnet (Lønning, 2003). Dette samfunnet går så over til å verta eit bondesamfunn for så å utvikla seg til industrisamfunnet som endar opp i informasjonssamfunnet. I 1999 skreiv Jensen om ein ny type samfunn: Draumesamfunnet, som me no er midt oppi.

6.5.1 *Draumesamfunnet*

Menneska i draumesamfunnet er opptekne av kva som appellerar til hjarta. Dette er viktigare enn det som appellerar til hovudet. Den gode historia rundt eit produkt er avgjerande for om me kjøper produktet eller ikkje.²¹

For å lukkast som tilbydar av eit produkt i dag, er det viktig å investera i dei gode historiene, dei som appellerar til kjenslene. Det nyttar ikkje å koma med noko konstruert, historia skal vere ekte og autentisk. Juks vert fort gjennomskoda. Jensen ser for seg seks ulike marknader, alle basert på kjensler, som er til stades i draumesamfunnet:

- 1) Marknaden for opplevingar
- 2) Marknaden for vennskap og kjærleik
- 3) Marknaden for omsorg
- 4) Marknaden for "kven er eg?"
- 5) Marknaden for tryggleik
- 6) Marknaden for haldningar

I bygda Voss møtte vi fleire tilbydarar som sel produkt som ligg hjarto deira nær. Dei appellerar dermed også meir til kjøparen sitt hjarta enn til hovudet. Dei har alle ei ekte historie å koma med, og dei overfører si innleving i skapingsprosessen til eigne verksemder og produkt. Dette aukar føresetnadane for å lukkast.

²¹ <http://www.bt.no/lokallokal/arnaogosteroy/kommentar/Og-om-litt-er-kaffen-klar-2428708.html> sist vitja

6.5.2 *Opplevingsøkonomi og innlevingsøkonomi*

Det Jensen skildrar i draumesamfunnet er det stadig større rommet for formidling av opplevingar. Opplevingsproduksjon i Noreg er i dag ein raskt veksande del av den nasjonale økonomien, både i omsetning og i tal tilsette.

Opplevingsøkonomi har òg vakse fram som eit eige omgrep innanfor økonomisk analyse. Dette er ein produksjon av konstruerte opplevingar som skal gje kunden ein indre reaksjon, enten den er kjensleg, fysisk, intellektuell eller åndeleg. Donatella De Paoli nyttar følgjande definisjon:

En opplevelsesøkonomi finner vi når opplevelser, i tillegg til råvarer, ferdigvarer og tjenester driver den økonomiske veksten. Det vil si når opplevelser inngår i økonomien som selvstendige salgsenheter (musikk, bok, film, teater, festivaler, opplevelsesparker etc) og når opplevelser som en merverdi blir anvendt for å øke salget av tradisjonelle produkter og tjenester. I en avansert opplevelsesøkonomi blir denne 'merverdien' priset og inngår som selvstendig produkt.²²

Opplevingsøkonomien er i stor grad kundestyrt. Det er kunden sine opplevingar som står i fokus, og produsenten legg omsynet til desse til grunn for produkt- og tenesteutvikling. I Noreg kan mange tema- og opplevingsparker stå fram som tydelege døme - men me ser og korleis opplevingsomsyn og –diskusjonar kjem opp på stadig fleire arenaer i norske bygdesamfunn. Bygderessursar representerer her kjelder til det som er annleis og gjerne eksotisk, ofte sentrale element i vellukka opplevingsprodukt.

Omgrepet *innlevingsøkonomi* dreier seg om å utnytte personleg engasjement som verdiskapande kraft for stad og region. Det nyskapande vil aldri kunna fangast heilt med det kundestyrt perspektivet i opplevingsøkonomien. Nyskaparen er ikkje først og fremst motivert av kunden, men av eige eksistens- og fridomssøk. Det sterke engasjement som ligg bak nyskaparen sitt ofte mangeårige arbeid med å realisera eigne draumar og idear blir ikkje fanga opp dersom analysen berre legg kunden sine behov til grunn. Dag Jørund Lønning (2010) forklarar det slik:

²² <http://www.kulturognavingsliv.org/assets/ForskninginnenOpplevelsesokonomi.pdf>, sist vitja 5.1.12

"Innleving handlar om deltaking og engasjement; om å gjera staden til eins eigen og ein sjølv til del av staden. Innlevingsøkonomi er å utnytta dette personlege engasjementet som verdiskapande kraft for både stad og region. Innleving er ein tett, nær og direkte relasjon mellom mennesket og omgivnadene. Denne relasjonen er prosessuell, skapande, vedvarande og heile tida i endring. Innlevingsøkonomi som utviklingsstrategi dreier seg såleis om å opna opp for og leggja til rette for at denne typen nærleik heile tida får rom til å utvikla seg."

Innlevingsøkonomi handlar difor ikkje i første omgang om kunden eller forbrukaren og kva denne ønskjer, men om tilbydaren. Det er tilbydaren som har ein kjærleik til ideen, og skapar eit produkt som kjennes rett og ekte for han. Tilbydarens innleving viser igjen i det ferdige produktet, og gir særpreg og meirverdi. Dette kjenneteiknar mykje av det som skjer på Voss. Fallskjermhopping, ekstremsportveka og jazzfestivalen er berre nokre av alle tilboda ein finn på Voss som eldsjeler står bak. Dei driv med det fordi dei elsker det. Likevel skal det meir til enn engasjement for å lukkas med å byggja opp eit produkt. I det neste avsnittet, skal me sjå på tilbydaren og kva som gjev suksess.

6.6 Tilbydaren og bygda

I eit bygdesamfunn er det viktig kva innstilling som dominerer blant menneska som høyrer til bygda. Får ein klapp på skuldra og oppmuntrande ord når ein kjem med nye idear? Er det andre i bygda som får til noko? Gjev me opp når me møter på hindringar? Korleis enkeltmenneske er innstilt, betyr mykje for utviklinga i ei bygd.

6.6.1 Meistringstru

Albert Bandura, ein kanadisk psykolog, har beskrive og satt i system det han kallar "self-efficacy" (Bandura 1999), eller på norsk: Meistringstru. Dette er ikkje det same som sjølvtilitt, som er å ha tillit til det ein *er*. Meistringstru handlar om å ha tillit til det ein *gjer*, tillit til at ein faktisk kan få til noko. Her spelar tankane ei stor rolle. Positiv tenking har mykje å seia for å lukkast. Trua på eiga meistring kan utviklast, og då er det særleg fire faktorar som er viktige:

1) Eiga meistring: Erfaringar med suksess styrkjer trua på vegen vidare. Men også erfaringar av å meistra hindringar er viktige å ta med seg. Motstand som overvinnast gjer at meistringstrua kjem fram, og ein vågar å gå vidare fordi det har synt seg at ein har det som skal til.

2) Andre si meistring styrkjer trua på eiga meistring. Når ein ser eit menneske som ein identifiserar seg med får ting til, styrkjer det trua på at ein sjølv kan klara det. Gjeld det menneske som ein ikkje identifiserer seg med, styrkjer det ikkje meistringstrua i same grad.

3) Verbal tilbakemelding frå andre er viktig for utviklinga av meistringstru. ”Dette klarar du” er viktig å få høyra når hindringane hopar seg opp på vegen mot målet.

4) Positiv innstilling: Den fjerde faktoren handlar om psyken. Positiv innstilling er med på å styrkje trua på seg sjølv. Menneske som kan tenka positivt har evne til å snu stressreaksjonar til noko positivt dei kan bruka for å koma vidare i prosessen. Korleis ein reagerer er mindre viktig enn korleis ein handterar og tolkar sine egne reaksjonar. Kva følelsar ein kjenner på spelar ei viktig rolle når eit menneske skal vurdera si eiga evne og kapasitet.

Jo meir me kan bruka desse ulike elementa, jo betre tru får me på våre egne evner og jo større moglegheit er det for å lukkast. Når eit menneske er overbevist om å ha nok kvalifikasjonar og ressursar som skal til for å lukkast, mobiliserer det meir krefter, og ein lar vera å fokusera for mykje på problem som dukkar opp.²³


6.7 Fellesskaping

Fellesskap er å delta og dela viktige verdiar. Motivasjonen for å delta varierer, den er sterkare innanfor eit fellesskap enn innanfor eit samfunn. Eit samfunn er ei gruppe menneske som lever livet i fellesskap innanfor eit avgrensa område. Dette fellesskapet kan på ein måte kallas eit “overflatisk fellesskap”, kor dei som bur der ofte ikkje har anna til felles enn staden dei bur på og fasilitetane der. Ein annan form for fellesskap er ei direkte kjensle av å høyra til, til dømes i ein familie eller i ei bygd. Ein slik form for fellesskap gjev ein automatisk forståing - ein kan forstå kvarandre utan ord. Ein må ikkje bevisa noko innanfor dette fellesskapet, her kan ein vera seg sjølv og ein kan rekna med sympati og hjelp (Bauman 2000).

Eit fellesskap innehar mange ulike ressursar. Ein må identifisera ressursar som kunnskap og evner og bruka desse for det dei er verdt i satsingar for staden. Ein

²³ www.video.google.com, sist vitja 2.12.11

stad kan og sjåast på som ein ressurs, eit fellesgode. For kvar nye aktør som tek i bruk lokale fellesressursar på sin måte aukar dette verdien av staden som fellesgode; staden blir meir attraktiv for dei som bur der, men og eit betre bilete av staden utad: ein levande stad med mykje som hender.



Modell etter Lønning 2010.

6.8 Kulturøkonomi

Kva er vårt særpreg? Kva har vi som andre ikkje har? Kulturøkonomi handlar om å ta utgangspunkt i det som er unikt for vår stad (Lønning, 2003). Målet er at alle som vil skal kunne delta, både som brukarar og tilbydarar. Lokale produsentar av tenester aukar interessa for bygda, som igjen styrkjer bygdas identitet, og ikkje minst skapar meir aktivitet. Fokuset ligg på det som er *vår* identitet, det som er unikt for *vår* bygd. På den måten vert aktivitetane bygd rundt det autentiske og ekte som folk i bygda kan identifisera seg med, og som folk både i bygda og utanfrå kan ha glede av. Ved å gjera staden meir særprega lokal og annleis, gjer ein staden meir spanande og interessant for menneske på leit etter det spesielle i ei verd som på mange måtar vert meir og meir lik (Lønning, 2003).

6.9 Voss og andre bygder

Då me hadde samling i Voss med heile gründerprosjektet, samanlikna og systematiserte me funn frå Voss i ei matrise. Me såg på om dei enkelte elementa var noko som gjaldt Voss men også mange andre stader, Voss og berre nokre få andre stader eller om det var særprega for Voss, og gjaldt få eller ingen andre stader. Dette arbeidet vart gjort for å prøva å koma fram til noko av det som er med på å gjera Voss så spesiell.

Mange, i utgangspunktet viktige stikkord, er ikkje unike for berre Voss. Voss har blant anna ein fantastisk natur, ein sentral beliggenhet og er gode på dugnad, men dette gjeld også mange andre stader i Noreg. Nokre av stikkorda i kategorien “gjeld Voss og nokre andre stader” var festivalstad, staheit, mange eldsjeler, forbildeeffekten og namnet Voss som merkevare. Dette er stikkord som er litt meir særprega, men det er likevel andre stader enn Voss som arrangerer suksessfulle festivalar, og me kjenner eldsjeler som ikkje kjem frå Voss. Men kanskje det er fleire eldsjeler på Voss?

Noko av det me fann på Voss som me ikkje finn så mange andre stader, er forbildeeffekten. Det å sjå at mange andre frå Voss får ting til gjev sjølvtilitt og tru på at “eg òg kan greia det”. Å satsa følte me kanskje var litt meir lov og akseptert her på Voss enn andre stader. Når ein ser dette i lag med teorien, er det tydeleg at meistringstrua og forbildeeffekten er spesielt gjeldande på Voss. Ein annan ting er det å sjå og ta i bruk naturlege ressursar. Brukarvenleg natur + tettstad er noko som er unikt for Voss. Ekstremportutøvarar på Voss seier at det er berre ein stad i heile verda som har like brukarvenleg natur, New Zealand, men i det området dette gjeld bur det ikkje folk. Kombinasjonen av alt dette gjer at Voss ikkje er som alle andre bygder.

6.10 Unike Voss

Voss har mange av kjenneteikna me ser i teoriane om kva som kan gjera at ei bygd lukkast. Som alle andre stader, består Voss av mange ulike menneske. Nokre er bevisste og engasjerte, andre tenkjer ikkje så mykje på kvifor Voss har blitt ei internasjonalt kjend bygd.

Noko alle drog fram som grunn til at Voss er der bygda er i dag, er dugnadsånd. Alle stiller opp når det trengs. Ein av informantane meinte han hadde opplevd at personar hadde vorte fornærma fordi andre var spurt om å vera med på

dugnad og ikkje dei. Dette viser at Voss er ei levande bygd, med sterkt samhald og engasjement. Likevel var det fleire som opplevde det som om det ikkje hadde vore noko særleg samarbeid i bygda. Det vart sagt: ”ein sit som konge på kvar sin haug”. Med andre ord er det arbeidsvilje mellom dei som engasjerer seg for same ting, men det er ikkje lagt opp til samarbeid mellom ulike greiner. Dei som interesserar seg for jazz er engasjert i jazzfestivalen, medan dei som er opphengt i ekstremспорт står på for ekstremспортveko. Den siste tida har dei vorte meir bevisste på dette, og har oppretta eit felles festivalkontor for dei ulike festivalane slik at dei kan samarbeida om telt, utstyr og liknande. Men ein er framleis ikkje heilt i mål med det breidspektra samarbeidet, til dømes har hotella og skitrekka ein tendens til å konkurrera i staden for å samarbeida. Men dette er område ein har byrja å jobba med, ei bevisstgjering av fordelane med å gjera kvarandre gode, i staden for å konkurrera.

Sjølv om nokre gav inntrykk av at det er først er den siste tida det har vore samarbeid i bygda, meiner me at dette ikkje er heilt rett. Me ser at det har vore ei form for fellesskaping (Lønning 2010) i Voss i mykje lengre tid enn det som vossingane sjølve seier. Dette gjennom dugnad og engasjement på ulike interesseområde. Dersom det ikkje hadde vore noko fellesskap og samarbeid frå tidlegare av, hadde ikkje bygda vore der ho er i dag.

6.10.1 Spela kvarandre gode

Me fekk inntrykk av at Voss klarar å skapa eit inkluderande fellesskap, og at dei som bur her er flinke til å gjera kvarandre gode. Kanskje det er lettare for vossingen å gje ein klapp på skuldra når nokon lukkas? Det verkar som om dei er stolte av kvarandre. Voss er ein stor nok stad til at ting skjer, men det er likevel ein liten nok stad til at “alle kjenner alle”. Ein føler seg som ein viktig del av samfunnet, ikkje berre ein i mengda.

6.10.2 Eldsjelar

Har Voss kommune lagt opp til å hjelpa nyskaparar og gründarar? Kommunen var open for nye idear, men gjekk ikkje inn for å støtta dei økonomisk. Nyskaparane i Voss kommune står like aleine som i andre kommunar. Kommunen var fyrst villeg til å støtta opp om føretak når dei lukkast. Ein av våre informantar meinte dette kanskje berre hadde vore ein fordel for Voss si utvikling. Han meinte at dersom kommunen hadde vore for mykje med i utviklinga, ville ”livet” i Voss vore avhengig av kven som ”sat ved roret” i kommunen. Ein periode

ville det vore stor satsing på til dømes turisme og opplevingar, medan i neste periode kunne det forsvinne fordi ingen la det på seg. Nå er det eldsjelar som står bak festivalane og opplevingane på Voss. Dei legg det på seg og brenn for det, og vidareutviklar det uavhengig av kva parti som sit med makta.

6.10.3 Sjølvtilitt på Voss

Voss har som tidlegare nemnt samla mange medaljar opp gjennom åra, særleg innan vintersport. Sjølv sagt er naturgjevne forhold ein av grunnane til at mange er gode i vintersport, det er berre å opna døra så ligg forholda til rette for å trenna, men det er også andre stader i Noreg som har slike forhold. Slik me ser det må det difor vera fleire grunnar til denne vinnarkulturen på Voss.

Me kom fram til at det må vera ein slags smitteeffekt. Vossingane har gjennom generasjonar utvikla ein grunnleggjande sjølvtilitt som gjer at dei vågar å satsa. Historia viser at mange vossingar har lukkast langt tilbake i tid.²⁴ Dette vert så nært at ungar som veks opp på Voss ser at det går an å nå heilt til topps sjølv om ein kjem frå “vesle Voss”. Eit gammalt uttrykk i Voss seier at ”Verda er vid, men Voss er vidare”, Voss har moglegheiter som få andre stader i verda kan by på.

I denne bygda har det blitt så vanleg å oppnå noko og bli kjend, at det kan sjå ut som om at jantelova ikkje verkar på akkurat dette området (sjølv om mange poengterte at den verkar utmerka på andre område). Det er naturleg å bli medaljevinnar her, ein ser ikkje rart på ungar som seier dei skal vinna gull i skiskyting når dei vert store. Andre som dei identifiserar seg med har jo greidd det.

Me prøvde å finna ut om det var kultur for å prestera her, om forventningane til ungane var høgare her enn andre stader. Dette kan henda i nokre tilfeller, men ikkje frå idrettslaget og trenarane si side. Kanskje heller frå ungane sjølve, og nokre foreldre. Ungane er opptekne av å konkurrera allereie i tidleg alder, men det er i utgangspunktet ikkje trenarane som legg opp til dette.

6.10.4 Natur som appellerar til hjarta

Voss er unik på natur og naturopplevingar. Denne fellesgoda har vossingane gjort seg bevisste og teke i bruk. Dette gjer at Voss har føresetnader for å dra blant anna ekstremспортutøvarar frå heile verda til bygda for å driva med det dei

²⁴ http://snl.no/nbl_biografi/Knud_Bergslien/utdypning, sist vitja 5.1.12

likar og kan. Vossingen klarar å bruka naturen på ein måte som appellerar til hjarta, her er meir enn berre opplevingar. Dei driv til dømes ikkje med fall-skjermhopping berre for pengane si skuld, det er ekta engasjement som kjem frå hjarta. Vossingen driv med dette fordi han har lyst til det.

6.10.5 Voss som merkevare

Når me spør vossingen om merkevarenamnet Voss, har dei ikkje tidlegare vore bevisste på dette, det er noko dei har begynt å tenkja på nå i seinare tid. For oss utanforståande, har vossingane likevel klart å skape Voss til å bli eit merke-namn. Ein produsent av flaskevotn har til dømes valt å bruka namnet Voss sjølve om det ikkje har noko med Voss å gjera. Kommunen bestemte seg for å spela på lag med dette i staden for å saksøkja, dei såg på det som ein vinn-vinn situasjon. Produsenten fekk nytta folks assosiasjonar til Voss på sitt produkt, medan Voss fekk gratis marknadsføring.



Voss er ein stad med sterke tradisjonar innanfor kunst, kultur, handverk, musikk og mat. Smalahåveeting, bunadsøm og folkemusikk er nokre av desse. Vossingane er stolte av tradisjonane sine, og flinke til å holda desse i hevd. Dette er med på å gje bygda Voss ein sterkare identitet utetter. Dialekta, Vossamålet, står òg sterkt på Voss. Vossingane har ikkje like lett som andre å leggja om på dialekta om dei flyttar frå bygda for ein periode.

6.10.6 Voss som knutepunkt i trafikken

Som nemnt, ligg Voss som eit knutepunkt mellom aust og vest, sør og nord. Dette gjer at folk blir merksame på at Voss finst. Det er ingen tvil om at ein del ekstra turistar og besøkande stoppar opp i Voss på veg frå A -Å. Turen "Norge i

et nøtteskall” har stopp i Voss, og er med på å bidra til at mange er innom på dagstur gjennom dette konseptet. Det er også mykje tungtransport som går gjennom Voss. At Voss ligg i ei trafikkåre trur me har betydning for at Voss har lukkast.

6.11 Konklusjon - eit samansett bilete

Grunnen til at det skjer mykje på Voss er samansett. Her er ikkje ei enkelt hending som er avgjerande for at bygda framstår som ho gjer, ting har bygd seg opp over tid. Me har kome fram til fire avgjerande punkt. Kombinasjonen av desse fire punkta gjer Voss til den unike bygda ho er i dag.

For det første er kombinasjonen brukarvenleg natur og busetnad viktig. Det er kort veg til alle aktivitetar, og gode, lett tilgjengelege treningsforhold. Du treng ikkje køyra mange mil for å kunne bruka naturen. For det andre er den sterke dugnadsanda ein avgjerande faktor. Dette viser at det er samarbeid mellom folket i bygda, dei er gode til å stilla opp når noko skal dras i gang. Den neste viktige faktoren er at Voss er eit naturleg trafikk-knutepunkt. Trafikk frå alle retningar går gjennom Voss slik at mange blir merksame på bygda. Det viktigaste er likevel meistringstrua; trua på seg sjølve, at ein kan få til noko. Bygda er lita nok til at alle kjenner nokon som har fått til noko - difor kan eg òg. Smitteeffekten dette fører med seg er avgjerande for bygda Voss som Unike Voss.

6.12 Referansar:

Bauman, Zygmunt, 2000: *Savnet fellesskap*. Cappelen Akademisk Forlag, Oslo.

Lønning, Dag J., 2003: *Den Norske bygda og den store verda. Om lokal utvikling i ei global tid*. Telemarksforskning, Bø.

Lønning, Dag J., 2010: *Kva er nyskaping? Om framtid, skaparglede, framtid og fellesskap*. Boksmia Forlag, Ål.

Bandura, Albert 1999: Exercise of personal and collective efficacy in changing societies

Kaufmann, Geir, 2007: *Hva er kreativitet*. Universitetsforlaget AS, Oslo.

Internett:

Voss Guide 2011

<http://www.visitvoss.no/no/Brosjyrar/Brosjyrar/Voss-Guide-2011-norsk/>

Lest 14.10.11

Statistisk Sentralbyrå

<http://www.ssb.no/emner/02/01/10/befsett/tab-2011-06-17-02.html>

Lest 14.10.11

Hordaland Fylkeskommune

http://polsak.igest.no/polsak_filer/2011%5CKURE%5C2010062445-646851.PDF

Lest 04.12.11

Bandura`s social cognitive theory: an introduction

<http://video.google.com/videoplay?docid=-2953790276071699877#>

Lest 04.12.11

Andre kjelder:

Destinasjon Voss AS

Omdøme- og Gapsanalyse

7 VOSS, BYGD AV VOSSINGAR.

Av Oda D. Bakken, Caroline Løvlien, Mari Clementine Østgaard og Tone Læg Reid, HiL

De siste to årene har vi i prosjektet “Med gründerblikk på byggeressursar” studert hvordan vi kan fremme bygde-Norge, skape vekst og fremgang fremfor stagnasjon. Voss har hatt stor suksess som bygd.

Ut ifra problemstillingen *Hvorfor vossinger skiller seg ut fra andre i forhold til antall medaljevinnere og store arrangement* ønsker vi da å knekke Voss sin suksessoppskrift. Vi skulle også undersøke om det er noe som kan kopieres til andre bygder og småsteder.

7.1 Innledning: Voss

Voss er en liten, men langt fra ubetydelig bygd i Hordaland fylke. Voss skiller seg ut fra andre steder med tanke på besøkstall. Nasjonalt ligger den lille bygda på 28. plass, og en klar førsteplass i Hordaland. Det er 13.957 innbyggere, noe som medfører at det blir et nært og unikt samhold. Det lille innbyggertallet gjør at alle som satser blir sett og hørt, slik at de inspirerer andre til å prestere på et høyere nivå.

7.2 Metodisk tilnærming

